



sparebankstiftinga
sogn og fjordane



Årsrapport

2024

Innhald

Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	3
Våre gåvetildelingar	4
Kunst og kultur	8
Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	10
Humantære tiltak og helseformål	15
Samfunnsutvikling og sosiale tiltak	17
Kompetanse, utdanning og forskning	21
Klima, miljø og naturvern	24
Overordna næringsutvikling	27
Furorevinnarar	28
Føremålsinvesteringar	41
Miljø og berekraft	42
Styret si oppsummering av 2024	43
Aktivitetsbasert resultatrekneskap	47
Aktivitetsbasert balanse	48
Kontantstraumoppstilling	49
Notar til rekneskapen	50
Revisjonsmelding	56
Sparebankstiftinga sine styrande organ	59
Styring og kontroll med stiftinga si verksemd	60
Oversikt over gåvetildelingar i 2024	61
Opplysningar om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	66

Vi skapar mangfald, trivsel og utvikling

www.sparebankstiftinga.no



FRAMSIDEFOTO: Sparebankstiftinga har kjøpt heim to Astrup-måleri. Her blir dei plasserte i Astruptunet i juni 2024.
Frå venstre: Hallvard Klakegg, Solveig Berg Lofnes, Frank Bremseth og Tor Martin Leknes.

GRAFISK UTFORMING: SpareBank 1 Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS

Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart etablert i 2010 og er hovudeigar av SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Stiftinga eig 92,5 % av eigenkapitalbevisa i banken. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap av banken, utøve forsvarleg kapitalforvaltning og dele ut gåver til samfunnsnyttige tiltak. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er blant dei største sparebankstiftingane i landet, målt i bokført forvaltningskapital.

Sparebankane har med si over 200 års historie hatt ei sentral rolle i utviklinga av lokalsamfunna i Norge. Formålet med sparebankane var frå starten av at dei skulle vere hjelp til sjølvhjelp for folk med små inntekter, og bidra til økonomisk sjølvstende og tryggleik for den enkelte. SpareBank 1 Sogn og Fjordane har røter heilt tilbake til 1842, då Førde Sparebank blei etablert. Gjennom samanslåing av 25 sparebankar er SpareBank 1 Sogn og Fjordane i dag den 8. største sparebanken i landet. Banken er ikkje børsnotert.

Hovudformål

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har i sine vedtekter definert følgjande hovudformål:

- Stiftinga sitt formål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i SpareBank 1 Sogn og Fjordane og vidareføre sparebanktradisjonane.
- Stiftinga sitt formål skal vidare vere å gi gåver til allmennyttige formål. Ved sine disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til distriktet som har bygd opp kapitalen til SpareBank 1 Sogn og Fjordane.
- Stiftinga skal i tillegg forvalte midlane på ein formålstenleg måte ut i frå omsynet til tryggleik, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Visjon og verdier


- **Visjon** Drivkraft for Sogn og Fjordane.
- **Verdigrunnlag** Mangfald, trivsel og utvikling.
- **Langsiktig** Vi skal forvalte sparebankarven – *i dag og i all framtid*. Vi skal setje av til reservar som sikrar det langsiktige eigarskapet til banken og kontinuitet i gåvetildelinga.
- **Uavhengig** Gåvesøkarar, forretningspartnarar, myndigheiter og ålmenta generelt må til ei kvar tid ha tillit til vår profesjonalitet og integritet.

Våre gåvetildelingar

Arbeidet med gåvetildelingane er hovudaktiviteten i den daglege drifta av stiftinga. Sparebankstiftinga sitt mål er at gåvetildelingane skal gjere Sogn og Fjordane til ein betre plass å vere, gjennom å fremje verdiar som mangfald, trivsel og utvikling. Sidan oppstarten i 2011 har stiftinga bidrege med om lag 400 millionar kroner til samfunnsnyttige tiltak.

Dei årlege gåvetildelingane har auka betydeleg sidan oppstarten, slik grafen under viser.

Tildelte gåver 2011-2024 (i millionar kroner)



Utvikling i årleg gåvetildeling i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Sparebankstiftinga sin føremålsparagraf slår fast at midlane i hovudsak skal delast ut i området der verdiane er skapt historisk. Den geografiske fordelinga av midlane samsvarar difor i grove trekk med SpareBank 1 Sogn og Fjordane sitt marknadsområde. I tillegg er ein del av midlane òg delt ut til regionale tiltak. Døme på dette er gåver som vert nytta til aktivitet i heile Sogn og Fjordane.

På neste side følger geografisk fordeling av gåvemidlane for 2024.

Gåvebeløp per kommune i 2024 (i millionar kroner)




Fig. 2: Gåvetildeling fordelt på kommunenivå i 2024.

Tal søknadar som Sparebankstiftinga mottek varierer noko frå år til år. På den eine sida har god omdømebygging av stiftinga sitt gåvearbeid, samt auka gåvebudsjett, medverka til fleire søknadar. På den andre sida har stiftinga sin utstrekke dialog med lag og organisasjonar ført til at ein har samla fleire parallelle søknadar til felles prosjekt, og dermed bidrege til å redusere tal søknadar.

I 2024 fekk stiftinga 1 155 søknadar. Av desse vart 496 søknadar innvilga, noko som gir ein tildelingsprosent på i overkant av 40%. Dette er ein noko lågare utdelingsgrad samanlikna med 2023 (rett i underkant av 50%). Elles hadde stiftinga ein betydeleg høgare total gåvesum i 2024, samanlikna med 2023 (jf. fig. 1).

Gåveåret 2024

Stiftinga har oppretthalde sitt mål om å bidra i endå større prosjekt enn før til positiv samfunnsutvikling. Til liks med 2023 har stiftinga gitt tilsegn om gåver til litt under halvparten av dei mottekne søknadane. I tillegg har stiftinga vidareført sin praksis med å utvikle samfunnsnyttige prosjekt sjølv, med bakgrunn i regionen sine behov.

Stiftinga har tildelt gåver til følgande føremål:

- Kunst og kultur
- Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Humanitære tiltak og helseføremål
- Samfunnsutvikling og sosiale tiltak
- Kompetanse, utdanning og forskning
- Klima, miljø og naturvern
- Overordna næringsutvikling

Her kan ein lese om nokre av tiltaka som stiftinga har støtta i året vi har bak oss.




Fig. 3: Gåvetildelingar i 2024 fordelt på føremål. Mange tiltak har fleire føremål og er derfor skjønsmessig fordelt.

SATSAR PÅ FRILUFTSLIVET

2025 er friluftslivets år, og Sparebankstiftinga vil underbygge det med å gje 20 millionar kroner til å satse på friluftsliv i nærområda. DNT Sogn og Fjordane skal forvalte summen gjennom eit prosjekt som varer over fire år.



Tilrettelegging av turstiar, slik at befolkninga blir sikra eit attraktivt tilbod, er grunntanken i det firårige prosjektet som går under namnet «Gjekk ein tur på stien». Draumen er at alle kommunar i Sogn og Fjordane skal kunne utvikle turstiar til glede for lokalbefolkninga.

Få opp dugnaden

Håpet er at mange rundt om i Sogn og Fjordane skal bli med på dugnadsarbeidet, og at prosjektet på denne måten skal skape eit felles engasjement. Frivillegheta blir avgjerande for gjennomføring av prosjektet, og lokale prosjektgrupper bestående av kommunar samt frivillige lag og organisasjonar skal jobbe saman om dette.

Det er DNT Sogn og Fjordane som er prosjektleiar for prosjektet. Målet er at prosjektet skal bidra til at alle, uavhengig av alder, bakgrunn, erfaring og funksjonsevne, skal finne turområde der ein kan føle seg trygg, vere fysisk aktiv og få naturopplevingar.

Styrke bulysta

Både berekraft og tilrettelegging er viktige faktorar i prosjektet, og ei prosjektgruppe bestående av fagpersonar skal rettleie i tilrettelegging, grunneigarforhold og berekraftig utvikling av stiane.

Stiftinga er trygg på at prosjektet «Gjekk ein tur på stien» vil bidra til bulyst i Sogn og Fjordane, og gjere regionen så attraktiv som mogleg. Dette prosjektet er bygd litt på same lest som dagsturhytteprosjektet, og målet er at alle kommunar i Sogn og Fjordane skal få økonomisk støtte for utvikling av stiar i sine nærområda.

Kunst og kultur

HISTORISK PRAKTVERK

Singerheimen i Olden er ein nasjonal kulturskatt, og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er oppteken av at dei ikoniske bygningane på Dalheim i Olden vert restaurerte og haldne ved like.



Dei irrgreene byningane i sentrum av Olden er eit blikkfang for dei som fartar forbi. Det er «Stiftelsen William H. Singer jr og Anna Brugh Singers Minde» som er mottakar av gâvesjekken på 400 000 kroner. Mangeårig styreleiar Per Kristian Storevik kunne saman med Jostein Fredheim i stiftinga for Singerheimen, viser Odd-Kjetil Tønning og Mats Goberg Solheim frå SSF rundt i området.

Tunet på Singerheimen består av totalt ti bygningar, nemleg villa, studio, mausoleum, eldhus, drengestove/tenarbustad, stabbur, driftsbygning, bungalow og vedhus. Mesteparten av både møblar og interiør er autentisk frå den tida Singer-familien budde i Olden. Noko som gjer at eit besøk til Singerheimen er som ei reise i historia.

Fakta

Amerikanske William H. Singer og kona Anna Brugh kunne sjå at Singerheimen stod ferdig til bruk i 1921. Begge dei to var økonomisk velstående, og William H. Singer hadde arva ein svær formue då faren, som hadde vore direktør for mellom anna Carnegie Steel Company i USA, døydde.

Dermed kunne Singer saman med kona si dyrke si store interesse for kunstmåling, samt jakt, fiske og friluftsliv. Dei to reiste rundt i heile verda, og på ein av sine turar kom dei i 1913 til Olden. Først fekk dei bygd eit eige atelier på Yris Hotell, men i 1921 kunne dei så flytte inn i sin herskapelege villa på Dalheim. Her heldt dei til i store delar av sommarhalvåret resten av sitt liv, heilt til Anna Brugh Singer døydde i 1962. Då vart ein stor del av samlinga på Dalheim gitt som gâve til Vestlandske Kunstindustrimuseum i Bergen, medan sjølve Singerheimen vart ei testamentarisk stifting som skulle drive rekonvalesens og rekreasjon av personale og pasientar ved Nordfjord sjukehus.

Paret bidrog økonomisk til svært mykje i Nordfjord, til dømes ved finansiering av vegen mellom Olden og Innvik (ferdig i 1936), sjukehuset på Nordfjordeid og Firda Gymnas på Sandane.



Kjellaren i Singerheimen er så godt som identisk frå den tida Singer-paret budde der.

Ny status

Singerheimen vart freda i 2021 av Riksantikvaren, og blir i dag drive etter konseptet «vern gjennom bruk». Singerheimen er eit familiedrive museum og gjestehus, og fekk i februar 2025 status som overnattingsstad i den populære kjeden «De Historiske». No sorterer Singerheimen, saman med mellom andre Visnes Hotell i Stryn, Knutholmen i Kalvåg og Skrivargarden på Nordfjordeid.

Dei siste åra er det familien Øye Rustøy som har stått for drifta av Singerheimen om somrane. Dei har tilbod om overnatting, afternoon tea, omvisingar og har også ulike arrangement som pub og pizza, quiz og intimkonsertar for lokalbefolkninga.

Mesteparten av det som finst av møblar og interiør er autentisk frå den tida Singer-familien budde her. Dette er å vandre i historia, seier styreleiar Per Kristian Storevik.

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

MUSIKK OG FOTBALL I SAMSPEL

Flottare arena for ei gåveutdeling enn dette er vanskeleg å finne. Arenaen er Eikefjord stadion, det er meir enn 1000 unge fotballspelarar som deltakarar i Kongleriket Miniputt-turnering, og det er gåvesjekkar til både skulemusikk og idrettslaget.



Gåver til musikk og idrett. Frå venstre barna Emil og Ida Marie med mor Tone Sandvik for skulemusikken i Eikefjord, Ole Aukland frå SSF og Brigt Samdal for idrettslaget i bygda.

Med eit yrande folkeliv, med meir enn 1000 unge fotballspelarar i alderen 6 til 9 år som bakteppe, fekk både Eikefjord skulemusikk og Eikefjord idrettslag kvar sin solide sjekk frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Desse pengane skal gå til innkjøp av utstyr og instrument i dei to aktive laga i Eikefjord.

Nye kornettar

Utstyret til skulemusikken er i ferd å bli slite, og med 50 000 kroner i gåve frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vil dei først og fremst kjøpe nokre nye kornettar, kunne leiaren i skulemusikken, Tone Sandvik, fortelje i samband med utdelinga på denne finevêrsdagen. Ho og korpsdeltakarane stod midt oppe i førebuingane til 17.mai-toget i bygda, og kunne allereie byrje å sjå fram til neste arrangement for skulemusikken. Men då med nye kornettar til nokre av dei unge musikarane.

Nytt utstyr

På same viset kunne leiaren i Eikefjord idrettslag, Brigt Samdal, med glede motta ein gåvesjekk på 100 000 kroner til innkjøp av utstyr til idrettshallen i Eikefjord. Eit svært viktig bidrag med tanke på at idrettslaget akkurat hadde innført gratis treningsavgift til alle i bygda, og hadde prioritert dette i staden for innkjøp av utstyr i hallen.

Denne gáva kunne derfor ikkje ha kome på eit betre tidspunkt!

Kongleriket-turneringane i Sogn og Fjordane blir av mange kalla «Vårens vakraste eventyr», og med desse to gåveutdelingane i tillegg vart iallfall turneringa i Eikefjord ekstra vakker.

BYGGER SAMLINGSTAD FOR UNGDOM

Leikanger skyttarlag er snart 150 år, men satsar likevel på å bygge eige hus for ungdom på skytebanas si. På den måten håpar dei også å rekruttere fleire skyttarar.



Hallvard Klakegg (t.v.) og Jan Petter Vadheim (t.h.) overraska Leikanger skyttarlag med 200 000 kroner til nytt aktivitetshus.

Leiaren i Leikanger skyttarlag, Kjell Magne Brekken, kunne vise fram sitt nye aktivitetshus til bankrepresentantane som kom med gåvesjekken på 200 000 kroner tidleg i mai 2024. I tillegg til at huset skal vere ein samlingsstad for ungdom i bygda, så håpar entusiastane i det driftige skyttarlaget at aktiviteten i huset skal bidra til å auke rekrutteringa til skytesporten.

Blant dei eldste

Leikanger skyttarlag er snart 150 år gammalt. Laget er dermed også den eldste friville organisasjonen i Sogndal kommune, og er faktisk blant dei eldste i heile Sogn og Fjordane. Sin modne alder til trass så leverer likevel Leikanger skyttarlag gode resultat kvart einaste år. Både i form av dyktige skyttarar i landstoppen, nye og tidsriktige fasilitetar på anlegget sitt og er ikkje minst dyktige arrangørar av nokre av dei største skytestemna på Vestlandet. Mellom anna bruker dei årlege stemna i Lerum Cup samle i underkant av 1000 skyttarar i løpet av ei langhelg i mai månad kvart år i Sogn.

Møblar og inventar

Det nye aktivitetsbygget ligg vegg i vegg med standplassane inne på skyttarstadion, og er på heile 227 kvadratmeter. Her skal ungdommen sjølv langt på veg bestemme kva huset skal romme, men det er allereie planlagt at det mellom anna skal vere ein skytesimulator i opphaldsrommet. Elles er tanken at dei 200 000 gåvekronene frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal gå til innkjøp av møblar og inventar elles i det nye aktivitetshuset for ungdom.

Brukt av mange

Skyteanlegget til Leikanger skyttarlag blir brukt av mange utanom dei tradisjonelle skyttar-aktivitetane. Det er stilt til disposisjon til både Politiet og Heimevernet. Det er dessutan eit nært samarbeid med Norges Jeger og Fiskeforbund og jegerar generelt. Det er svært mange jegerar som har lagt grunnlaget for sin skytedugleik på dette anlegget.

DEI TENKER PÅ SNØ HEILE ÅRET

Ålfoten idrettslag skal forbetre lysløypa. Det har dei no fått støtte til, og arbeidet er allereie i gang. Gravearbeidet er ferdig med tanke på å forbetre lysløypa ved Karlskarstova, eit populært rekreasjonsområde mellom Ålfoten og Svelgen.



Her i Karlskaret skal Ålfoten IL ruste opp lysløypa si. Frå venstre på bildet: Lars Endre Myklebust (Ålfoten IL), Hilde Myklebust (Ålfoten IL), Rose-Lene Eikeset (SpareBank 1 Sogn og Fjordane) og Ole Aukland (SpareBank 1 Sogn og Fjordane).

Med støtte på 200.000 kroner vil løypa få både ny trasé og nytt lys.

Pengane kjem frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, og blei overrekt til leiar for Ålfoten idrettslag, Hilde Myklebust, og prosjektleiaren for arbeidet med den nye traseen, Lars Endre Myklebust.

Gå i gang

Dei to eldsjelenes for det frivillige arbeidet i Ålfoten idrettslag er svært glade for pengegåva, og rosar banken sitt engasjement for å ivareta aktiviteten i dei små bygdene rundt omkring i Sogn og Fjordane

– Vi har lenge sett at vi har trong for å utbetre lysløypa her oppe i Karlskaret. Med desse pengane kan vi gå i gang med gravearbeidet. Det er kort og godt fantastisk av banken, seier duoen frå idrettslaget i Ålfoten.

Snøsikkert område

Lysløypeanlegget ved Karlskarstova blir mykje nytta av innbyggjarane i Svelgen og Ålfoten, og er i utgangspunktet eit svært snøsikkert område.

Løypa ligg i knappe 400 meters høgde og det brukar å komme snø tidleg. I følgje dei to eldsjelenes brukar det ofte vere godt med folk i løypa. Ikkje minst i helgene. Men no når det er montert lys heilt ned til parkeringsplassen, så er det berre å spenne på seg skia nede ved bilen. Noko som gjer at fleire vil nytte lysløypa på kveldstid i vekedagane.

Straumsmart anlegg

Når det gjeld drifta av anlegget, så er det fundert på eit samarbeid mellom Ålfoten idrettslag og Svelgen Turn- og Idrettsforening. Anlegget tilhøyrrer Ålfoten idrettslag, medan det er Svelgen Turn og idrettslag som tek ansvaret for løypene.

I samband med Sparebankstiftinga si rammegåve til Vestland idrettskrets med tanke på «straumsmarte idrettsanlegg», så fekk også Ålfoten idrettslag tildelt 222 000 kroner til å skifte ut dei gamle lyspunktene med LED-lys, samt oppgradere det elektriske anlegget.

LANDETS BESTE ALPINISTAR KJEM HIT

Med totalt 300 000 kroner i gåve har arrangøren av Telenorleikane i alpint gått til innkjøp av nødvendig utstyr. For i slutten av mars kjem Norges beste unge alpinistar til Hodlekve.



Trond Eiken (t.v.) og Elisabeth Sætren (t.h) med gåve til alpint og langrennsaktiviteter i Hodlekve. I samband med Telenorleikane i bakken i mars 2025 fekk dei også 100 000 kroner til tidtakarbod. For alpingruppa stilte Atle Hole Sæterbakken og Melanie Hetkamp-Andersen.

Alpingruppa i Sogndal IL har det siste året jobba intenst med å planlegge gigantarrangement i Rindabotn i Hodlekve. I perioden 27.-30. mars, samt i nokre dagar både før og etter dette, vil det myldre av alpininteresserte i Sogndal. Det er venta 300 deltakarar som skal gjennomføre totalt 13 konkurransar på fire dagar, og ikkje minst har mange av dei større tilreisande klubbane mange personar med i støtte-apparatet. Totalt er det derfor rekna med innpå 700 tilreisande. Noko som betyr at mykje av det som finst av overnattingskapasitet i Sogn er oppteke.

Samarbeid

Telenorleikane i Hodlekve er eit arrangement for store delar av Sogn og Fjordane, og det er etablert kontakt med alpingruppene i for eksempel Jølster og Breimsbygda idrettslag for å gjennomføre arrangementet. Jølster hadde det same arrangementet tilbake i 2011, og veit derfor noko om dimensjonane bak Telenorleikane.

Både Atle Hole Sæterbakken og Melanie Hetkamp-Andersen er derfor svært glade for at Sparebankstiftinga har bidrege med økonomisk støtte på 300 000 kroner til både utstyr og bygging av ny tidstakarbod. Denne skal vere mobil og ha plass til tre personar.

Eldsjeler

Når mellom seks og sju hundre tilreisande kjem til Sogndal den siste veka av mars, så får også langrennsgruppa i Sogndal idrettslag 45 000 kroner i gåve til å utbetre langrennstraseane i Hodlekve. Pengegåva på 245 000 vart overrekt alpin-eldsjelene av Trond Eiken og Elisabeth Sætren ved Sogndal-kontoret til SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

Store namn

Telenorleikane har status som NM i alpint for utøvarar i alderen 13 og 14 år, og framtidige norske toppalpinistar vil venteleg setje sitt preg på resultatlistene i Rindabotn. Det er nok å nemne at kjende utøvarar som Kjetil André Aamodt, Henrik Kristoffersen, Ragnhild Mowinckel og Aksel Lund Svindal alle har delteke på Telenorleikane i ung alder med svært gode plasseringar.

Mykje utstyr

Vi må heilt tilbake til 1980 sist alpinmiljøet i Sogndal arrangerte eit nasjonalt renn. Då vart junior-NM avholdt i nedre del av Hodlekve, og den ærverdige PUMA-liften vart teken i bruk.

No ligg det meste til rette for Telenorleikane i 2025 i Hodlekve.

Då er det berre å ta turen til Hodlekve siste veka i mars.

TIL TOPPS MED GÅVEUTDELINGA

Med planar for både nytt vass-magasin og ny trakkemaskin, sikrar Jølster skisenter framtida si. Så når 800 000 kroner skifta eigar på seinhausten 2024, så skjedde gåve-overrekkinga i toppen av anlegget i Bjørkelia.



Vegard Johansen (t.v.) og Knut Arild Flatjord (t.h.) tok mot 800 000 gåvekroner av Magn Henning Helgås i Spare-Bank 1 Sogn og Fjordane til satsinga i Bjørkelia skisenter.

Både dagleg leiar Vegard Johnsen og styreleiar Knut Arild Flatjord tok med seg Magn Henning Helgås, i SpareBank 1 Sogn og Fjordane heilt til topps i Bjørkelia for å vise fram alpin-anlegget. På veg oppover kunne ein også sjå det nye vass-magasinet som ligg på Kvamsstøylen. Dette er allereie teke i bruk, og med utvida storleik har skianlegget meir enn dobla kapasiteten på snøproduksjonen i bakken.

Ikkje lenger pumpe

Kanskje vel så viktig er det at no er det slutt på å pumpe vatn opp til magasinet frå elva Jølstra nede i bygda. Tidlegare har lagringskapasiteten i det gamle magasinet vore avgrensa, men no er magasinet meir enn dobla. Det å sleppe pumping av vatn opp i magasinet, er sjølvsagt økonomisk for anleggseigarane, men er også langt meir berekraftig. Og det Jølster skisenter sparer på dette, kan dei dermed nytte på andre område, som ikkje minst er meir brukarretta mot kundane.

Ny maskin

Den nye trakkemaskina som Jølster skisenter har gått til innkjøp av, er også langt meir energieffektiv. Maskina er ein 2017-modell som har gått i Myrkdalen på Voss. Den har også eit avansert målesystem som måler eksakt snø-djupne i bakken. Dermed kan trakkemaskina lettare fordele snøen rundt i anlegget der det er trong for å fylle på. Noko som også kan bety tidlegare opning av sesongen i Jølster skisenter.

Humanitære tiltak og helseføremål

NO KAN DEI SNART KJØPE ATV

Sist Jonas Myklebust var på oppdrag for Røde Kors, så var det for å redde ein person som sat fast i stupbratte Hornelen. – Då var det ikkje hjelp i ein ATV, men ved mange andre oppdrag gjer ein ATV jobben vår både lettare og betre, seier han.



Linda Stenseth, Jonas Myklebust og Ole Aukland.

21-åringen Jonas Myklebust er leiar i hjelpekorpsset i Svelgen og Bremanger Røde Kors, og vart utruleg overraska då Ole Aukland og Linda Stenseth frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane ba han kome innom Måløy-kontoret på veg til øving med hjelpekorpsset rett før jul. Dei hadde nemleg med seg ein gåvesjekk på ikkje mindre enn 200 000 kroner.

I terrenget

Jonas Myklebust var på veg til øving i Svelgen, og hadde vanskar med å skjule gleda då han såg gåvesjekken. For med 200 000 kroner er det aktive hjelpekorpsset hans godt på veg til å kunne finansiere innkjøp av ein ATV. Og ein firhjuling som dette vil kunne ta seg fram både på sommaren, og ikkje minst på vinteren med belter på. Noko som vil vere til stor hjelp for hjelpekorpsset som har hatt fleire leite- og redningsaksjonar i dei store fjellområda rundt Ålfotbreen.

Ut i terrenget

For det er tydeleg at med den veksande interessa det er for laussnøkøyning i heile landet, så er det stadig fleire som legg kursen til dei majestetiske fjella ved Ålfotbreen. Noko ikkje minst fleire redningsaksjonar allereie har vore eit tydeleg teikn på.

Jonas Myklebust har også sett at mange av dei andre hjelpekorpsa dei har jobba saman med på forskjellige aksjonar allereie har gått til innkjøp av ATV, og dermed har store fordelar med å kunne ta seg raskt rundt i terrenget. Men med 200 000 kroner i gåve frå Sparebankstiftinga kan hjelpekorpsset straks gå til innkjøp av sin eigen ATV.

RUSTAR OPP UTEOMRÅDET TIL DEI YNGSTE

Bygget Kriesesenteret i Sogn og Fjordane held til i vart teke i bruk i 2011, og det har vore gjort lite med uteområdet for dei yngste på desse åra. No får dei pengar til å ruste det opp.



Mona Steindal-Sundal og Anja Gulbrandsen tek mot gåve frå Ole Aukland til oppgraderingar av uteleikeområdet til Kriesesenteret.

Rett før påska 2024 fekk Kriesesenteret i Kinn ei gåve på heile 500.000 kroner frå Sparebankstiftinga. Desse pengane skal brukast på å ruste opp uteområdet på senteret. For med mange barn innom gjennom året, blir det både apparat og utstyr utsett for ganske hard bruk. Berre i 2023 var det 35 barn innom Kriesesenteret, og dei fire siste åra har totalt 168 barn opphalde seg på Kriesesenteret i ein kortare eller lengre periode. Dei er der i gjennomsnittleg ein månad, men av og til så lenge som tre månadar.

Trong for betringar

Sjølve utdelinga av gåvesjekken skjedde ute på leikeområdet, og banksjefen kunne ved sjølvsyn konstatere at det var trong for opprusting. Sjølve uteområdet er ganske stort, og ligg skjerma ut frå tryggleiksmessige grunnar med lite eller ikkje innsyn utanfrå. Dette fordi barn i vanskelege livssituasjonar har trong for å bearbeide det dei har opplevd, og at slik bearbeiding skjer best gjennom til dømes leik.

Alle aldrar

Barna som kjem til Kriesesenteret er i alle aldrar, frå babyar og opp til 18 år. Og det kan vere vanskeleg for barn å vere der, borte frå alt som er kjent. Særleg større barn saknar vener og skule. Men det at barna fell til ro og trivst kan vere med og bidra til at den føresette kan vere på Kriesesenteret så lenge som det er trong for, kan både barnefagleg ansvarleg Mona Steindal-Sundal og leiaren ved Kriesesenteret, Anja Guldbrandsen fortelje.

40 år sidan

Kriesesenteret i Sogn og Fjordane vart etablert i 1985 av Kriesesenterrørsla i Sogn og Fjordane. I dag er senteret organisert i eit interkommunalt samarbeid. Kinn kommune er vertskommune, og totalt 17 kommunar i det gamle Sogn og Fjordane fylke deltek i samarbeidet. Kriesesenteret i Florø er definert som eit lågterskel-tilbod, og er tilgjengeleg for trengande heile døgnet og alle dagar. Det inneheld til dømes telefonvakt, informasjon, råd og rettleiing knytt til personar som opplever vald i nære relasjonar. Kriesesenteret har også bu tilbod for valdsutsette vaksne og borna deira. Det er dessutan dagtilbod viss ein ikkje har behov for å bu på senteret, og Kriesesenteret har eit utbreidd samarbeid med institusjonar som politi, helsevesen, NAV, familiekontor og anna.

Samfunnsutvikling og sosiale tiltak

- VI ER ALLTID I BEREDSKAP

Skulle uhellet vere ute, er det godt å vite at vi her i Sogn og Fjordane har om lag 30 hundar som på kort varsel kan bistå i forskjellige aksjonar. – Vi er her når vi trengst, men håpar vi ikkje blir brukt, seier Helene Sæterdal.



Banksjef Lars Solnørdal (t.v.) kom med gâvesjekk til Norske Redningshundar i Blomli. Frå venstre: Hilde Søreide, Elin Mjâtveit, Trude Allaland, Helene Sæterdal og Oda Thorstad.

Leiaren for Norske Redningshundar lokalt, Helene Sæterdal, kunne rett før påske 2024 motta ei gâve på 200 000 kroner til arbeidet sitt med både å rekruttere nye hunde-ekvipasjar, samt vidareutdanne dagens medlemmar.

30 i regionen

I heile Sogn og Fjordane var det sist år 12 godkjende hunde-ekvipasjar, fordelt på fire i Sunnfjord og åtte i Sogn. Totalt er det eit 30-tals hundar som trenar i desse to regionane. I Nordfjord har det derimot vore utfordringar med å etablere eit solid miljø med redningshundar, noko som har høg prioritet for tida. Og planen er at mesteparten av dei 200 000 gâvekronene skal nyttast til å rekruttere inn nye ekvipasjar i denne regionen.

Alltid klar

Erfaringsmessig er talet oppdrag for redningshundane i Sogn og Fjordane jamt fordelt over heile året, men allereie i løpet av eit par månadar på vinteren 2024 hadde ekvipasjane i «gamlefylket» vore utkalla i fem oppdrag. Dette var mellom tre skredsøk, alle med positive resultat. Og med tanke på den veksande interessa det er for å ferdast ute i terrenget gjennom heile året, er det godt å vite at redningshundane alltid er i beredskap, og er klare for å rykke ut viss Politiet ber om det.

FEKK 400 000 KRONER – NO ER HAMNEPARKEN OPNA

Sommaren 2024 opna Hamneparken aktivitetsområde i Sørbøvåg med snorklipping, talar og trillebåre-køyring. – Vi er sikre på at dette nærmiljøanlegget vil bli mykje brukt, seier Jostein Ryland.



400 000 kroner er summen Hamneparken har fått frå bankoverskotet i år. Frå venstre: Jostein Ryland, Kjell Eide, Torunn Matsson, Turid Skivenesvåg og Karin Tonning Hatløy.

Jostein Ryland som leiar i Hamneparken-gruppa og Karin Tonning Hatløy som leiar i Øen grendalag kunne ønske velkommen til den første opninga av Hamneparken sommaren 2024. Dette nærmiljøanlegget ligg like ved Øen kyrkje midt i Sørbøvåg, og har ei strategisk plassering ned mot Åfjorden.

Her er mykje

I Hamneparken i Sørbøvåg kan du finne grillhytte, buldrevegg, hengekøyer, bocciabane, sandkasse, bordtennisbord, badeplass, turveg og snart kjem også ballbinge. Alt dette arbeidet er utført på dugnad av entusiastiske eldsjeler i Sørbøvåg gjennom fleire år. Arbeidet starta så smått opp allereie i 2016, men har teke seg opp i intensitet dei siste åra. Hyllestad kommune regulerte området for om lag 20 år sidan, og då Liv- og Lystprosjektet i kommunen vart etablert tok styringsgruppa fatt i å utvikle området midt i Sørbøvåg sentrum.

Heile bygda

Tanken har heile tida vore å utvikle nærmiljøanlegget i hamneområdet gradvis, og at nye idear kjem til medan dei jobbar i området. Ordføraren i Hyllestad, Kjell Eide, understreka verdien av alt dugnadsarbeidet då han formelt opna Hamneparken. Han viste til at heile bygda stod bak prosjektet, men at dei samstundes hadde ein sterk, indre kjerne av dugnadsfolk. Og kor Jostein Ryland vart trekt fram som sjølv drivkrafta.

Nye idear

Noko Jostein Ryland sjølv helst ikkje ville ha så mykje snakk om. Han viste til at heile dugnadsgruppa i Hamneparken stod bak, og kunne fortelje at vidare idear som zipline, hesteskopark, skatepark og bru over til holmen ute i fjorden er nokre av planane som har kome fram i det siste.

Uansett er dette nærmiljøanlegget viktig for å skape trivsel og bulyst i Sørbøvåg. Anlegget appellerer til alle aldersgrupper og har eit variert bruksområde. Dessutan er det etablert på dugnad av frivillige, og betyr at lokalbefolkninga får eigarskap til Hamneparken.

FEKK PENGEOVERRASKING FOR Å UTVIKLE BYGDA

Banksjef Torunn Mattson ved SpareBank 1 Sogn og Fjordane sitt Gulen-kontor overraska arbeidsgruppa bak Brekkeprosjektet i Sogn med ein gåvesjekk på 100 000 kroner.

På ein regnfull sommardag i 2024 kunne Torunn Mattson overrekke 100 000 kroner til arbeidsgruppa som står bak bygdeutviklinga av Brekke sentrum. For med klarsignal frå Gulen kommune vil pengane frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vere det som skal til for at arbeidet med å ruste opp sentrum ved det gamle ferjeleiet tek til.



– Dette er heilt fantastisk, og betyr at vi snart kan gå i gang med arbeidet, seier Ingvild Høydal til Mona Hjartholm, og klappar i hendene då banksjefen legg gåvesjekken på bordet.

Vitalt sentrum

Målet er å skape eit vitalt og attraktivt bygdesentrum, og noko av det første som skal gjerast er å etablere ein samlingsplass nede ved sjøen, for både folk i bygda og tilreisande.

Det har komme ei rad med gode framlegg frå folk i bygda, og mellom anna skal dei gamle rekkverka på ferjekaia fjernast. På sikt vil ein bygge trappetrinn ned mot sjøen, og det skal setjast opp eit flottare gjerde på kaifronten, og arbeidsgruppa viser også til at planen er at det snarleg skal komme opp eit grindbygg på området like ved butikken i Brekke. Planen er at dette skal kunne fungere som ein møteplass, både for tilreisande og fastbuande.

Det vil dessutan bli bygd inn leikeapparat i området, og heile kaiområdet skal plantast til med blomster og planter.

Bygdeutvikling

I samband med bygdeutviklingsprosjektet i Brekke er næringsliv, andre organisasjonar og kommunen involvert i prosjektet. Håpet er at det skal gje synergi-effektar som vil styrke bygdeutviklinga.



FRÅ VENSTRE: Severin Slettebø Rokne, Hallvard Oppedal, Mona Hjartholm, Ingvild Høydal, Arild Wergeland og Torunn Mattsson.

Og som eldsjelene understrekar, er håpet at dette store rommet sentralt i bygda skal bli meir attraktivt. Dei kjem til å bruke det aktivt i samband med arrangement, og har henta impulsar frå mange andre stader som har gjort tilsvarande. Trafikken forbi området er stor, spesielt på sommarstid. Men slik området har vore i lang tid, med mellom anna store containerar plasserte på området, så har det ikkje vore særleg freistande å stoppe opp. Med fjerning av desse containerane og plassering av grindbygg, benkar, sitjeplassar og leikeapparat, samt noko beplantning, så trur arbeidsgruppa at mykje vil vere gjort for å heve attraktiviteten.

Allereie i mai neste år har dei planar om å blåse liv i den ærverdige Brekke-stafetten. Då blir det start og mål her på den nye samlingsplassen med masse aktivitetar.

STØTTE TIL LOKAL UTVIKLING

Målet er å skape synergjar lokalt i Loen på tvers av organisasjonar, og spesielt er fokuset retta mot dei aller yngste.



Banksjef Odd Kjetil Tonning saman med loaren Mats Solheim frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane deler med glede ut 100 000 kroner til Hildur Sætren Myklebust og Anne Lyslo i Loen.

Det var omtrent ikkje øyras lyd å få då desse ungane på bildet fekk høyre at bygdelaget i Loen fekk tildelt ein gåvesjekk på 100 000 kroner frå banksjef Odd Kjetil Tonning i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Saman med kollegaen Mats Solheim, troppa Tonning opp utanfor barnehagen i Loen med gladmeldinga. Og smilet gjekk omtrent rundt heile ansiktet hos Anne Lyslo og Hildur Sætren Myklebust.

Mangfald

Dei to Loen-entusiastane kunne fortelje at dei ville ha eit mangfald av aktivitetar i lokalsamfunnet, spesielt for dei yngste. For med ei gåve på 100 000 kroner kan dei realisere mange av planane sine, og gå til innkjøp av det utstyret dei har lyst på som kan nyttast i bygdehuset i Loen sentrum.

Mellom anna står symaskiner, fotoapparat, flugebindingsutstyr, teikne- og måleutstyr samt sag/treverk og anna, på lista deira. Dette betyr at dei får gode moglegheiter til å legge til rette for aktivitetar ein kan samlast om på tvers av både generasjonar og nasjonalitetar. Ikkje minst meiner dei at dette kan vere med på å opne opp for ein betre dialog med dei mange framandspråklege som er i Loen, fortel entusiastane i Loen og siktar til mange utanlandske arbeidadarar ved til dømes Nordfjord Kjøtt og Hotel Alexandra.

Viktig for dei unge

Dei er dessutan svært opptekne av å skape større aktivitet i bygdehuset i bygda, og ser ikkje avgrensingar for kva dei kan gjere. For med å legge til rette for eit mangfaldig aktivitetstilbod, så trur dei at dette vil styrke det einskilde born sin identitet, skape meistring og skape positive relasjonar overfor mange andre i bygda, fortel dei to eldsjelene og lovar straks å gå i gang med å auke på med aktivitetar i bygdehuset.

Det er samarbeid med til dømes bygdekvinnelaget i bygda, og saman kan dei gjere mykje som kan styrke samhaldet. Dette skal vere eit lokalt lågterskel-tilbod, og ein av planane er ein lokal familiedag. Då kan ein treffast på tvers av generasjonar og nasjonalitet, fortel eldsjelene som representerer Loen Bygdehus og Loen Ungdomslag. Dessutan er det eit nært samarbeid med FAU Loen skule/foreldregruppe.

Kompetanse, utdanning og forskning

ÉIN MILLION KRONER TIL VITEMEIR

Kompetanse-senteret «Vite Meir» på Kaupanger får ein million kroner til å utvikle «gjenbruks-utstilling». På denne måten skal besøkande på senteret få betre forståing for verdien av gjenbruk.



*Jan-Petter Vadheim
og Åse Neraas
under gåvetildelinga
i ViteMeir-senteret.*

Det var Jan Petter Vadheim i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, som saman med Yngve Thorsen i Sparebankstiftinga kom med den overraskande sjekken.

Det nye prosjektet til ViteMeir-senteret går ut på å lage interaktive utstillingar slik at besøkande ved senteret kan lære meir om «sirkulær bioøkonomi» og «industriell symbiose».

På denne måten

Litt meir folkeleg sagt betyr dette at «ViteMeir-senteret» skal jobbe med å få vist fram installasjonar og læringsopplegg på det vi oftast ser på som avfall, og som faktisk kan nyttast som ressurs i nye produkt. Det kan til dømes vere å nytte spillvarme på nytt, det kan vere å bruke kapp frå bygningsindustrien om til dømes «insektshotell» eller liknande. Det finst omtrent ikkje grenser for kva som kan nyttast igjen, kunne Åse Neraas ved senteret fortelje om «gjenbruks-ideologien» då gåvesjekken på ein million kroner var overrekt.

Samarbeid

Med denne millionen kan senteret på Kaupanger straks gå i gang med arbeidet saman med «VilVite-senteret» i Bergen. Målet er å lage både eit opplæringsopplegg og installasjonar som spesielt vil rette seg mot den unge delen av befolkninga. Det er viktig å gjere komande generasjonar merksame på den enorme ressursen som ligg unnytta på mange område, sa Neraas og kunne vise til at ei rad med både offentlege og private verksemder i Sogn er tilslutta samarbeids-organisasjonen «Sogn sirkulære biohub».

Ser at det nyttar

Neraas understrekar verdien av eit slikt utviklingsprosjekt som medfører at det blir bygd kunnskap, haldningar og ferdigheiter på området. Dette kan bidra til at fleire og fleire arbeidstakarar får betre kompetanse og saman kan vere med på å skape grøn næringsutvikling. Målsettinga er å overføre dette viktige arbeidet mot vaksne, studentar og elevlar i den vidaregåande skulen.

MILLIONGÅVE TIL NY MASTERGRAD

Høgskulen på Vestlandet (HVL) mottok ei gåve på 4 875 000 kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane for å utvikle ein ny mastergrad i industriell økonomi. Satsinga vil bidra til å styrke det lokale næringslivet og heve kompetansen i regionen.



Banksjef Roy Stian Farsund (t.v.) saman med Tore Frimanslund ved HVL.

Med lokalt næringsliv som publikum under frukostmøte i banken, kunne Roy Stian Farsund i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, overrekke ei av dei større gåvene i 2024. Han understreka kor viktig ein slik mastergrad er for det lokale næringslivet på ein slik måte:

– Næringslivet i Sogn og Fjordane spelar ei stor rolle både nasjonalt og internasjonalt, spesielt innanfor energi-sektoren. Med denne mastergraden får vi høve til å utdanne folk lokalt som kan bidra til vidare utvikling og innovasjon i regionen, seier Farsund.

Nye krav og teknologiske endringar

Banksjefen la til at utdanninga er framtidsretta og nødvendig for å møte dei økonomiske og teknologiske utfordringane som bedriftene i regionen står overfor. Han viste til det var viktig at lokal arbeidskraft fekk moglegheita til å utvikle seg og møte dei nye krava som kjem med teknologiske endringar.

Tore Frimanslund, førsteamanuensis ved HVL tok imot gåva, og understreka kor viktig dette var for Høgskulen.

– Dette er ein stor dag for Høgskulen på Vestlandet og for regionen. Gåva vil bidra til at vi kan etablere ein etterspurd og viktig mastergrad som vil ha stor betydning for både studentar og lokalt næringsliv, seier Frimanslund.

Allsidig

Frimanslund la vekt på at programmet i den nye utdanninga vil kombinere tekniske og økonomiske fagområde, noko som gir ei allsidig utdanning innanfor industriell økonomi.

Den nye mastergraden i industriell økonomi, som skal gi graden Siving i industriell økonomi, vil tilby studentane kunnskap om økonomiske og teknologiske utfordringar i produksjons- og tenestesektoren. Kimen til prosjektet oppstod ved Institutt for Økonomi og Administrasjon i Sogndal saman med regionale industrielle samarbeidspartnarar, men prosjektet skal dekke heile Vestlandet. Målet er at det ikkje berre skal rette seg mot ordinære studentar, men også til dei som ønsker å heve kompetansen sin gjennom samlingsbaserte, digitale og deltidsbaserte kurs.

VIL HA JENTER INN I TEKNOLOGIFAGET

Ein skuleturné saman med lokale kvinnelege rollemodellar skal forhåpentlegvis inspirere. Målet er å rekruttere fleire jenter inn i teknologiutdanninga.



*Jill Aasen Hole
i SpareBank 1
Sogn og
Fjordane (t.v.)
med gåve til
Christiane
Christensen
og Anne-
Mette Hjelle i
It Forum Vest.*

Med prosjektet «Jenter i tech-turné» håpar prosjektleiar for IT Forum Vest, Anne Mette Hjelle, at jenter skal «oppdage» teknologi-utdanninga på ein ny måte. Denne turneen går ut på at dei ønsker å reise rundt på ungdomsskular og vidaregåande skular i regionen med mål om å auke interessa for teknologiutdanning, og då særleg for jenter.

I mindretal

Hjelle kan vise til at samfunnet manglar jenter innanfor tech-faget i dag. På turneen så vil ho vise til at teknologi er kjempespennande, også for jenter. På den måten vil dei synleggjere moglegheitene innanfor teknologi, både utdanninga og moglege arbeidsplassar.

Ved Høgskulen på Vestland sin campus i Førde på teknologiutdanninga var det i 2023- kullet fem jenter av totalt 25. Dette er likevel rekord sidan oppstarten i 2018, men IT Forum Vest håpar at den kommande turnéen vil bidra til endå større auke på jentesida.

Starte tidleg

Anne Mette Hjelle er oppteken av å starte denne prosessen tidleg, då elevane allereie på ungdomsskulen begynner å velje valfag. Dette held fram på vidaregåande skule, fortel Hjelle som på nyåret 2025 vil starte opp med «Jenter i tech-turné».

Først vil dei ta for seg Sunnfjord, før turen går vidare til Nordfjord og Sogn. Planen er at IT Forum Vest vil kontakte alle skulane først, men vil også sette pris på om skular tek kontakt på førehand.

Under turneen har Hjelle planar om å ha med seg kvinnelege rollemodellar som gjerne er kjent frå regionen der elevane går på skule, eller som har flytta dit for ein spennande jobb.

Får 300 000 kroner

Til gjennomføringa av «Jenter i tech-turné» får IT Forum Vest ei gåve på 300 000 kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Klima, miljø og naturvern

OPNAR KUNNSKAPSSENTER FOR BEREKRAFTIG REISELIV

«Kunnskapssenteret for berekraftig reiseliv» vart opna i Sogndal rett før jul i 2024. Målet er at det innan 2028 skal vere eit nasjonalt senter, kunne direktøren for Vestlandsforskning, Anne Karin Hamre, fastslå under opninga.



Frå venstre Hallvard Klakegg (Sparebankstiftinga), Oddmund Klakegg (Vestland fylkeskommune), Sogndalordførar Stig Ove Ølmheim og Ragnhild Skahjem Tofastrud frå Sogn Sparebank.

Etter lengre tids arbeid kunne Anne Karin Hamre kalle inn til opning for det nye «Kunnskapssenteret for berekraftig reiseliv». Bakgrunnen for etableringa er at norsk reiseliv er i sterk vekst, og at mange reisemål er under sterkt press grunna stor tilstrøyming av turistar.

Berekraft

Medan ein på den eine sida vil gjere reiselivsnæringa meir lønsam, er dilemmaet at det på same tid er ønska at næringa også skal vere meir berekraftig. Målet er at gjennom å etablere eit slikt senter for berekraftig reiseliv, så får ein kort og godt meir kunnskap.

Dessutan skal Vestlandsforskning gjennom eit samarbeid med ei rad reiselivsaktørar, både offentlege og private, tidleg i 2025 starte opp eit eige «Kunnskapssenter for berekraftig reiseliv». Vestlandsforskning har lange tradisjonar på området, og er blant dei leiande internasjonalt på berekraftig reiseliv, fastheldt Hamre under opninga.

Tre millionar kroner

Anne Karin Hamre kunne saman med ordførar i Sogndal, Stig Ove Ølmheim, Oddmund Klakegg frå Vestland fylkeskommune og direktør i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Hallvard Klakegg, stå for den offisielle snorklyppinga.

Det nye senteret fekk ei gåve på tre millionar kroner frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Indrefilet

Reiselivsnæringa er ei svært viktig næring for Sogn og Fjordane, og i 2024 er det omsett for totalt 11,2 milliardar i Vestland fylke. Og i Sogndal er vi midt i indrefilet. Det er derfor naturleg at det første «Kunnskapssenteret for berekraftig reiseliv» kjem her, kunne Oddmund Klakegg frå Vestland fylkeskommune fastslå i sin opningstale.

– Reiselivsnæringa er viktig både økonomisk og kulturelt i vårt område. Reiselivet har stor påverknad på økonomien i mange mindre samfunn, og skaper mange ringverknadar i form av sysselsetting og positive effektar som til dømes overnatting, servering, transport, lokal matproduksjon, handverk og kultur, understreka direktøren for Sparebankstiftinga, Hallvard Klakegg. Han viste til at stiftinga vil bidra med ein million kroner for kvart av åra 2025, 2026 og 2027, og hadde store forhåpningar om at dette Kunnskapssenteret skal få nasjonal status på sikt.

Direktøren for stiftinga understreka elles verdien av at Vestlandsforskning etablerer eit tett samarbeid med aktørar for heile verdikjeda i reiselivet. Avstanden mellom aktørane må vere så liten at alle føler seg verdfulle. Berre på den måten får ein utnytta alle ressursane som ligg i dagens reiseliv. Ingen er for stor, og ingen er for liten, understreka Klakegg.

Framtid

Nokre konkrete tema som det nye «Kunnskapssenteret for berekraftig reiseliv» vil gripe fatt i frå oppstarten tidleg 2025 er mellom anna besøksforvaltning for å sikre gode lokalsamfunn og destinasjonar, utvikle kulturbaserte opplevingar, digitalisering og bruk av kunstig intelligens samt konferanse om berekraftig reiseliv.

– Vi håpar på denne måten å kunne gi myndigheitene gode råd basert på forskning, og ikkje minst setje i gang nye forskingsprosjekt som er relevante for reiselivet, sa Anne Karin Hamre ved Vestlandsforskning.

KILO PÅ KILO MED PLAST

Nærare tusen personar var med på ryddeaksjonen «Rein Sognefjord» hausten 2024.

I Hyllestad møtte både frivillige, politikarar og kommunalt tilsette på aksjonen, og det vart samla inn kilovis med plast.



Rundt ferjekaia i Rysjedalsvika vart det plukka opp store mengder plast: Frå venstre: Idar Førde Blom, Linnea Holsen Meier, Jan Arvid Støyva, Hildur Akse, Gro Sissel Dale og Ann Sissel Austgulen.

Merksemnda på plast i naturen breier om seg i heile samfunnet, og det er stiftelsen Framtidshavet som koordinerer aksjonen «Rein Sognefjord». Kommunane rundt Sognefjorden deltok i aksjonen som vart gjennomført i slutten av september 2024. I tillegg til frivillige rundt på strendene langs den lange fjorden, deltok også fleire båtar med i ryddeaksjonen, mellom anna både kystvaktskipet «Tor» og fiskebåten «Dag-Viggo».

Støtte

Det er fleire organisasjonar som står bak aksjonen økonomisk, og under ei samling i Balestrand stilte mellom anna Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Handelens Miljøfond, Miljødirektoratet og Sogn Friluftsråd for å orientere om sine prioriteringar knytt til sitt engasjement. Og som tidlegare forsvarsminister, no sjef i Fiskeridirektoratet, Frank Bakke-Jensen sa med tanke på direktoratet sitt sterke engasjement: – Vi har som mål å ha verdas reinaste kyst i framtida.

I praksis

Rundt omkring i sognekommunane stilte frivillige opp på ryddedugnaden. Det vart stilt med ryddeutstyr og plastposar, og alt avfallet vart registrert og levert i containerar som kommunane hadde plassert ut.

– Det er utruleg mykje rart vi finn i fjæra. Ser du ein liten plastbit og dreg i den, så kjem det plutsleg opp mykje meir. Mykje av dette er så porøst at det smuldrar mellom fingrane, fortalde Linnea Holsen Meier, som er ansvarleg for ryddeaksjonen i Hyllestad kommune. Ho er nærings- og samfunnsutviklar i kommunen, og leia den lokale aksjonen rundt ferjekaia i Rysjedalsvika.

Berre der vart det funne meir enn 100 kilo med plast som vart sendt til destruering!

Overordna næringsutvikling

TO MILLIONAR KRONER TIL NORDFJORDKOMPANIET

Nordfjord går nye vegar når det gjeld å skape bu- og bli-lyst. Det noko hårete målet er å gjere Nordfjord til ein «suprare» plass.

Rekruttering til distrikta, fråfall i skule og arbeidsliv og riktig kompetanse til distrikta er tre av hovudelementa som Nordfjord-kompaniet har som mål å gjere noko med. Kompaniet har som målsetting å byggje opp, og ikkje minst sette ut i livet, eit konkret opplegg som skal gå frå barnehage til vidaregåande skule.

Utdanningsval

Planen er å etablere ein betre systematikk rundt utdanningsval. Som lite barn har ein klare mål for kva ein skal bli. Så forsvinn desse ønska i mange år. Heilt til når vi skal ta avgjersler når vi kjem opp i vidaregåande skule. Vi må ha eit lengre perspektiv for ei langsiktig rekruttering. Vår oppgåve blir derfor å synleggjere kva moglegheiter som ligg rundt oss, fastheld Tom Øyvind Solheim, som saman med Tone Bjerkan er primus motor bak oppstarten av Nordfjordkompaniet.

Historie

Nordfjordakademiet vart etablert i 2020 og har gradvis utvikla seg. Dei fekk støtte til ein pilot av Kunnskapsdepartementet i 2021 då ein oppdaga at var fleire regionar som hadde akkurat same problemstillingane med tanke på rekruttering. Og med nyleg vedteken støtte frå Vestland fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, så vil Nordfjord-kompaniet leggje breisida til.

Stor gåve

– Vi har eit hårete mål om å gjere Nordfjord suprare. Her skal barn og unge finne sine superkrefter i vårt samfunn, understrekar Bjerkan entusiastisk og viser til at det i Norge er over 100 000 personar under 20 år som står utanfor anten skule eller arbeid.

Nordfjord-kompaniet har allereie i dag kontakt med 1300 studentar som anten er under, eller ferdig med, studiane sine. Denne kontakten skal nyttast for å orientere dei om dei tilboda som finst i Nordfjord. Nordfjord-kompaniet har 145 medlemsbedrifter, både innan det offentlege og private, og saman skal desse få synleggjort kva tilbod som ligg rundt i alle desse bedriftene.

– Vi sit etter kvart på ein enorm database på informasjon som skal bli meir tilgjengeleg for dei som skal ta eit viktig val for livet sitt, konkluderer Tom Øyvind Solheim i samband med gåveoverrekkinga av to millionar kroner.

Språkpris

Språkbruken i Nordfjordkompaniet har utmerka seg nasjonalt, og så seint som 28. august 2024 fekk kompaniet tildelt Nynorsk næringslivspris av Norges Mållag for sin bruk av nynorsk. – Saman gjer vi Nordfjord suprare, er vårt slagord, understrekar Tom Øyvind Solheim og viser til den intensive marknadsføringa Nordfjord-kompaniet driv på sosiale medium.



Bak frå venstre ser vi Geir Arne Solheim, Torfinn Moen, Torstein Tvinneim og Elin Paulsen. Framme frå venstre Tom Øyvind Solheim, Agathe Lunde Bergset, Tone Bjerkan og Anita Vinsrygg. Ingvill Hestenes og Sigrid Nedreberg sit også i styret for Nordfjordkompaniet.

Furorestipend

Furorestipendet er Sparebankstiftinga sitt personlege stipend, og går til utøvarar mellom 15 og 30 år frå Sogn og Fjordane som utviser stort talent og målretta satsing; anten det er innan idrett, kultur eller «open klasse». Ein breitt samansett og fagsterk jury arbeider grundig med søknadane og tilrår ei prioritering til styret, som tildeler stipenda. Juryen har òg høve til å dele ut 1–2 av stipenda som «lanseringsstipend» i forkant av søknadsfristen. Dette gir høve til både å sjå an talent som «boblar i vasskorpa» i løpet av året, og auke søknadstala til stipenda gjennom den mediemerksmda Furorestipendet ofte vekkjer. Over dei siste åra har vi auka tal Furorestipend frå 6 til 8. Eit stipend i 2024 er på 50.000 kroner.

UNG KOMPONIST MED STORE DRAUMAR



Kolbein Eide Bukve er berre 21 år, men har ein draum om å komponere store verk, til dømes å setje musikk til kjende filmar.

Den unge lustringen er for tida utvekslingsstudent i Wien. For etter at han vart teken opp ved Griegakademiet i Bergen og vart introdusert for samtidsmusikk, så har hans interesser dreia seg mykje i den retning. I dag studerer han ved «Universität für Musik und darstellende Kunst» i Wien, og han legg ikkje skjul på at han har ambisjonar om å skape store verk, for eksempel som filmkomponist som kan gi publikum store, underhaldande og tankevekkande opplevingar. For som han seier, så er verdien og viktigheita av ny, lokal og gjennomarbeida tonekunst verdt å satse på i ei verd der konsumeringskulturen har teke over.

Starta i korps

Kolbein Eide Bukve starta som mange andre musikarar si karriere som korpsmusikant lokalt. Han begynte i Dale Skulemusikk i Luster, og etter tre år på musikklinja ved Firda vidaregåande skule på Sandane, vart han deretter teke opp ved Griegakademiet i Bergen. Og det er medan han tek bachelor-grad ved Griegakademiet at han har teke kursen i Austerrike og Wien. Men etter eit halvår i byen som har status som verdas leiande musikkby, og som ikkje minst er hovudstaden til wienerklassismen, så går ferda tilbake til Bergen og fullføring av utdanninga.

Og ikkje minst komponere meir musikk, trass sin unge alder!

Oppdaga

Kolbein Eide Bukve har allereie fått tildelt Drømmestipendet (2023); eit stipend som berre 50 personar i Norge får kvart år. Det er Norsk Kulturskuleråd og Norsk Tipping som står bak dette høgthengande stipendet. Dessutan har Furorevinnaren frå Luster vunne ein komponistkonkurranse i Manger Musikklag i 2023, og fekk også urframført eige musikkstykke under NM for janitsjarkorps både i 2023 og 2024.

Dessutan er det fleire ulike ensemble i Bergen som har framført musikk av han, og han har mellom anna to gonger fått urframført komposisjonar under Festspillene i Bergen.

Baryton

Samstundes legg ikkje 21-åringen skjul på at draumen for tida er å komponere store verk, for eksempel som filmkomponist som kan gje publikum store, underhaldande og tankevekkande opplevingar.

Hans hovudinstrumentet er eufonium (baryton), som han håpar han får spelt mykje på i tida som kjem. I tillegg til at han vil praktisere dirigentrolla så mykje som mogleg.

Dette er eit namn vi bør ha auga opp for i framtida.

TRUDDE HAN BERRE SKULLE GÅ EIT LOKALT RENN – BLEI RUNDLURT

Johan-Olav Smørdal Botn kom rett frå toppstur med kameratar og trudde han skulle gå lagsmeisterskap i skiskyting på Harpefossen. Han blei rundlurt. Smørdal Botn blei i staden for overraska med Furorestipend og var plutseleg 50.000 kroner rikare. – No blei eg skikkeleg rundlurt. Eg blei tatt på senga. Men fy søren så kjekt, smilte skiskyttartalentet.

For etter fleire sterke løp på tampen av vintersesongen 2024 hadde Furorekomitéen merka seg dette nye lokale skiskyttar-esset, og nominert han til eit Furorestipend på 50 000 kroner. Og medan Stårheim-løparen trudde han skulle delta i eit klubbrenn på Harpefossen, vart han overraska av at Ann-Serine Hagen og Helge Høvig frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane dukka opp på standplass med eit overraskande stipend til idrettstalentet.

Små klubbar

Som takk for stipendet frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane kvitterte Johan-Olav Smørdal Botn med å understreke at han håpte mange av dei unge som stilte opp denne kvelden, kunne forstå at det var mogleg å nå verdstoppen sjølv om ein kjem frå ein mindre plass i Sogn og Fjordane. Og han kunne vise til profilar som Bø-brørne (Markane), Ronny Hafsås (Stårheim) og Ann-Kristin Flatland (Vik).



På bildet overraskar Ann-Serine Hagen og Helge Høvig Furorevinnaren Johan-Olav Smørdal Botn med ein sjekk på 50 000 kroner.

Komande stjerne

Johan-Olav Smørdal Botn var den store internasjonale overraskinga i skiskyting i 2024. Etter å ha imponert i IBU-cupen med ei rad toppløp, fekk han våren 2024 sjansen til å vise seg fram i verdscupen. Og han takka for tilliten med å gå seg inn på sigerspallen i dei siste løpa, og mange spådde at han skulle komme inn på det norske A-landslaget. Men med det nivået som er i norsk skiskyting, så vart det nok ein sesong på rekrutteringslandslaget.

Smørdal Botn hadde vist kva som budde i han, og då sesongen 2024/25 starta opp i november 2024, tok det ikkje lang tid før Stårheim-løparen var i teten på IBU-cupen og låg an til nye verdscup-løp. Men så slo ein sjukdomsperiode han ut for ein månads tid, og hans draum om deltaking i skiskyttar-VM i Sveits brast.

Når dette blir skriva er Stårheim-løparen på veg tilbake i det gode selskap, og mange i Sogn og Fjordane snakkar allereie om at han er den som først og fremst skal ta opp arven etter Bø-brørne, Tarjei og Johannes.

VART OVERRASKA PÅ SCENA - FEKK 50 000 KRONER

Ord og uttrykk er verkemiddel som scenekunstnarar nyttar ofte. Men då Angy Avendano (26) overraskande fekk tildelt haustens første Furorestipend, var ho mållaus.



Arenaen var ærverdige Trudvang i Dale under Teaterfestivalen i Fjaler, og Angy Avendano frå Lærdal hadde akkurat spelt hovudrolla i teaterstykket sitt «La gente de la tierra/the people of the earth». Då ba Ellen Bye frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane om merksemd då teppet fall og skodespelartrioen frå Mezco-lanza Theater fekk trampeklapp frå tilhøyrarane.

Frå Chile til Lærdal

Historia i teaterstykket tek utgangspunkt i opplevingane til mor til Angy Avendano, Rosa. Ho flykta frå Chile grunna konsekvensane frå Pinochet sitt diktatur, og hamna til slutt i Lærdal med dottera, Angy, på armen. Stykket handlar om korleis flukt og migrasjon påverkar oss menneske, og den transformasjonen og konsekvensane vi går gjennom med tanke på å lære eit nytt språk, ein ny kultur og eit nytt samfunn.

Eige stykke

I grunngevinga til Furorekomiteen heiter det at Angy Avendano (26) er eit unikt skodespelartalent. Ho er utdanna som skodespelar ved teaterskulen til Jacques Lecoq i Paris, og har allereie stått på scena på imponerende vis ved fleire høve. No vil ho nytte Furore-stipendet på 50 000 kroner til å utvikle sin første solo-opptreden. Den skal ha premiere i Lærdal i 2026. Denne framsyninga krinsar rundt temaet TID, og prosjektet er basert på hennar personlege oppleving då storesøstra hennar vart kreftsjuk.

På samme måte som ho i teaterstykket «La gente de la tierra/the people of the earth» i Dale, tek ho ofte fatt i personlege opplevingar og gjer dei om til universelle problemstillingar. I Angy Avendano har Sogn og Fjordane fått ein skapande scenekunstnar vi kjem til å oppleve ofte både i Sogn og Fjordane og i Norge elles.

BLEI OVERRASKA MED STIPEND UNDER SIN EIGEN KONSERT

Då musikanane skulle ta avslutningsmelodien, fekk dei melding på monitoren sin om at det var ei i salen som ville seie nokre ord. Og då Gunn Marit Kvåle høyrde namnet sitt lese opp midt inne i talen, forstod ho at ho hadde fått Furore-stipendet.



Songaren frå Sogndal vart under sin eigen julekonsert i Øvre Årdal plutselig 50 000 kroner rikare. Ho vart nemleg overraska med Furorestipendet, og først midt inne i talen til banksjef Laila Ruud i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, skjønte ho kven det handla om.

Heilstøypt

Den 23 år gamle Sogndal-musikaren framstår allereie som ein heilstøypt artist. Ho har drive med musikk heile livet sitt, og har allereie ei lang liste med prisar og utmerkingar. Trass sin unge alder.

Musikken hennar er lista både på P1 og P3, og dagleg ploppar hennar låter opp i øyra dine frå radioen. I løpet av 2024 hadde ho cover og førsteplass på Spotifylista «Equal» i mange veker. Ho har dessutan spelt på mange festivalar og konsertar, sjølv om ho berre er 23 år. Ho har mellom anna opptreidd på både Malakoff og Norsk Countrytreff på Breim.

Har gått vegen

Gunn Marit Kvåle, som i dag nyttar artistnamnet Gunn Kvaale, har som mange andre gått musikkvegen lokalt. Som 4-åring starta ho opp i barnekoret «Krudlalaget» i Sogndal. Ho fekk tidleg både piano og band-undervisning, ikkje minst då ho vaks opp i ein svært musikalsk familie. Etter vidaregåande skule tok ho bachelor i låtskriving og produksjon ved Høgskulen i Kristiania.

Av merittar kan nemnast at ho vann Melodi Grand Prix lokalt i 2011, og i 2014 vart ho vinnar av Norsk Country-talent. I 2020 fekk ho Draumestipendet, og i 2022 vart ho kåra til «årets nykommar» under Lutt-prisen.


Framtid

I inngangen til 2025 kom Gunn Kvaale med sitt nye album, «Eit fullt møblert hjarte». Eit album som viser hennar kunstnariske eksperimentering av kjenslevarer og personlege emosjonelle uttrykk.

Gunn Kvaale er allereie ein markant lokal musikaner, og ein fortent vinnar av Furorestipendet i 2024.

SKULLE ETE GRAUT HOS BESTEFORELDRA – FEKK STIPEND!

Skiskyttaren Simon Hjelmeset Kirkeeide skulle ete laurdagsgraut hos besteforeldra sine på Hjelmeset då banksjef Odd Kjetil Tonning dukka opp med ein stor gavesjekk.



Seint på fjorårssesongen tok Simon Hjelmeset Kirkeeide store steg som skiskytter, og gjekk like godt hen og vann Kongepokalen etter å ha vunne sprinten i NM. Dermed vart han den første «Hjelmesetar» til å vinne Kongepokalen, då verken Odd-Bjørn eller Roar kan slå i bordet med ein slik pokal. Kongepokal-sigeren i tillegg til mange sterke prestasjonar, både i langrenn og skiskyting, gjorde at Furorekomiteen gjerne ville tildele han eit stipend på 50 000 kroner. Noko som vart gjennomført utan at stipendvinnaren visste noko på førehand.

Tok han berrbeint

For etter å ha gjennomført ei treningsøkt med ein kamerat på Hopland i Stryn, så var Markane-utøveren invitert til laurdagsgraut på Hjelmeset. I samband med haustferien 2024 var nemleg store delar av Hjelmeset-familien samla, og med tanke på den komande sesongen, så var dette einaste helga med sjanse til å samlast. Den einaste av barna til besteforeldra Margret og Agnar som faktisk ikkje var der, var onkel Odd-Bjørn og familien hans.

Overraska

Og på førehand hadde banksjef Odd Kjetil Tonning i SpareBank 1 Sogn og Fjordane gjort avtale med Simon sine besteforeldre om at Furorekandidaten ikkje skulle få vite noko som helst. Og med seg hadde Tonning ein gavesjekk på 50 000 kroner, samt blomster til stipendvinnaren.

Gjett om Simon vart overraska då han kom opp i stova til besteforeldra berrbeint etter dusjen og skulle ete laurdagsgraut. For der stod banksjefen og gliste, medan han fortalde at Markane-løparen skulle få Furorestipendet.


For ei rekke

Dermed følgjer Simon Hjelmeset Kirkeeide etter profilerte Markane-skiskyttrar som Tarjei Bø, Johannes Thingnes Bø, Maren Hjelmeset Kirkeeide og Emilie Flo Stavik som alle har fått Furorestipend tidlegare. Og det er heller ikkje langt til Stårheim og Johan-Olav Smørdal Botn, som fekk Furorestipend tidlegare i 2024. Og Simon, for anledninga i stillongs og berrføtt, er djupt takksam for at Furore-komiteen har funne han verdig til stipendet. For då Johan-Olav Smørdal Botn fekk stipendet i april månad 2024, så trudde ikkje Markane-løparen at det var plass til fleire skiskyttrar på Furorelista.

Men så lenge skiskyttrane i gamlefyllket leverer på så høgt nivå som dei har gjort, så er det sjanse for at det også i framtida vil dukke opp nye super-talent i denne kategorien.

500 JUBLA DÅ SARA FEKK FURORESTIPENDET

Sara Sandvik Arnestad (23) er tydelegvis den nye rollemodellen blant unge dansarar i Nordfjord, og mottok øyredøvande jubel då ho fekk tildelt Furorestipendet på 50 000 kroner.



Sara Sandvik Arnestad får Furorestipendet av Helge Høvig og Odd-Kjetil Tonning.

Staden er Operahuset på Eid, og Stad kulturskule skal ha sitt tradisjonsrike Haustshow. Storsalen er smekkkfull av forventningsfulle foreldre og besteforeldre som skal sjå sine håpefulle i aktivitet, innan dans og musikk. Og som avslutning på showet er den tidlegare eleven ved kulturskulen, Sara Sandvik Arnestad frå Nordfjordeid, henta inn frå Hamar for å vise eitt av sine nummer. Noko ho gjennomfører til ståande ovasjonar og fjetra ansikt i salen.

Vart overraska

Men det ho ikkje veit, er at i salen sit også Odd-Kjetil Tonning og Helge Høvig frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Dei ber Sara kome fram igjen på scena etter oppvisninga for å få Furore-stipendet. Og for ein jubel som kom 23-åringen til del etter at ho hadde vist eit forrykande dansenummer på storscena!

Dedikasjon for dans

Frå ung alder har Sara hatt dans som lidenskap, og reisa hennar frå det vesle dansemiljøet på Nordfjordeid til profesjonell utdanning ved Kunsthøgskolen i Oslo, illustrerer godt hennar engasjement og evne til å tilpasse seg nye utfordringar. Dessutan har ho heile vegen, ikkje minst gjennom å starte opp klubbkonseptet «Discotheque», dokumentert ein unik kreativitet og stå-på-vilje for å lukkast som dansar.

Gi tilbake

Sara Sandvik Arnestad har også ein klar visjon om å vere med på å utvikle norsk dans, og vil bruke erfaringane sine til å skape eit støttande nettverk for andre nyutdanna kunstnarar. Som framtidsplan har ho ambisjonar om å jobbe som utøvande kunstnar og på same tid vere aktiv deltakar i det frie dansefeltet, samstundes som ho vil bruke Furorestipendet til å delta på internasjonale workshops, festivalar og residensprogram.

Ikkje minst er ho oppteken av at hennar kunnskap og erfaring skal tilflyte lokalmiljøet på Nordfjordeid. Ho har allereie planar om å arrangere lokale samlingar som skal kome lokalsamfunnet til gode, og som vil gjere kulturlivet i Nordfjord rikare.

Og ut frå responsen på dei 500 frammøtte er det ingen tvil om at Sara Sandvik Arnestad har ein unik posisjon, og vi er ikkje i tvil om at dette er eit velfortent Furorestipend.

HAN SKULLE PÅ JULEHANDEL – VART 50 000 KRONER RIKARE!

23-åringen Trym Dalset Løvdøen vart invitert med på julehandel av mamma, og forstod lite då ho plutselig ville ein snartur innom banken på Nordfjordeid. Der venta ei overrasking.



Trym Dalset Løvdøen blir her tildelt Furorestipend for 2024 av Ann-Serine Hagen. Til venstre Helge Høvig og til høyre mamma Trude Dalset.

På juleferie frå studiar ved NTNU i Trondheim, vart Trym Dalset Løvdøen frå Haugen lurt innom banklokala på Nordfjordeid under påskot av at mora berre skulle ordne noko med kontoen sin. Men det han ikkje visste var at Furorekomiteen hadde planlagt å gi han Furorestipendet for 2024, og at inne i banklokala vanka det både gåvesjekk på 50 000 kroner og blomster til 23-åringen.

Ny i OL

Det er sikkert ikkje alle i Sogn og Fjordane som kjenner til denne idrettsutøvaren. Men når OL blir arrangert i Torino i 2026, er den store draumen at han skal stå på startstreken. Då er nemleg hans disiplin, randonee, endeleg på OL-programmet, og nordfjordingen er truleg ein av dei norske som vil vere kvalifisert.

For i Trym Dalset Løvdøen har Norge ein klassisk oksygen-snappar. Han elsker både oppover og nedover-bakkar, og vil helst at det skal gå så fort som mogleg. Som tidlegare ein av dei betre motbakkeløparane i Norge i ung alder, skulle ein kanskje tru at det var i motbakkar han hadde sin styrke. Men i følgje han sjølv er det faktisk nedover han er sterkast, både nasjonalt og internasjonalt.

På topp

Han kan allereie sjå tilbake på fleire internasjonale oppdrag, og kan sjå tilbake på fleire topp 10-plasseringar i verdscupen. Han er soleklart eitt av dei største norske talenta i randonee, og så seint som i januar 2025 vart han norsk meister.

Furorekomiteen føler seg ganske trygg på at han kan hamne på alles lepper om ikkje så lenge.

For viss det stemmer at nordmenn er fødd med ski på beina, så er iallfall denne 23-åringen er svært godt døme på det. Og den dagen han skulle få stipendet på Nordfjordeid hadde han allereie vore innom fleire 1000 meter høge fjelltoppar i nærleiken, og sust både opp og ned fjellsidene.

Og viss nokon skulle lure på kor sterk han er i motbakkar, så har han 1 time og 16 minutt opp på Skåla i Loen. Det er faktisk berre ni minutt svakare enn gjeldande løyperekord!

FORSKAR PÅ ADHD – FÅR FURORESTIPEND

André Høberg (23) frå Hyllestad forskar på ADHD-sjukdommen medan han tek legestudiet sitt. No får han Furorestipendet på 50 000 kroner.



Trass sin unge alder er André Høberg midt i legestudiet sitt, og går samstundes på forskarlinja ved Universitetet i Bergen. Noko som i praksis betyr at han bruker mykje tid på å utvikle ein modell eller verktøy som kan hjelpe til å fastslå ADHD-diagnose tidlegare.

Setje rask diagnose

ADHD er ein ganske utbreidd psykiatrisk tilstand, og statistisk rammar den 1 av 20 born. Noko som betyr at i gjennomsnitt kan det vere eit barn med ADHD i kvar skuleklasse. Sjukdommen er kjenneteikna ved hyperaktivitet, konsentrasjonsvanskar og impulsivitet.

Høberg kan vise til at det finst utruleg mykje data og informasjon om ADHD, og at hans forskaroppgåve går ut på å finne samanhengar som på eit eller anna vis kan påverke sjukdommen. Målet for han er at på bakgrunn av hans datafunn så vil ein i framtida lettare kunne fastsetje diagnose, og på den måten tidlegare komme i gang med relevant behandling.

Datainnsamling

Og medan mange legeforskarar jobbar i laboratorium og dissekerer forskjellige kroppsdelar, så føregår Høberg si forskning føre dataskjermar. Han viser til at gjennom forskning så kan det vise seg at mange faktorar, som til dømes genetikk og miljø, påverkar utviklinga av ADHD. Mellom anna kan han vise til funn som at barn som har gjennomgått keisarsnitt kan få ein overhyppigheit av ADHD. Dette er noko av det han prøver å få oversikt over og dokumenterer gjennom store talmateriale.

I USA

Fleire av André Høberg sine studiar har allereie blitt presenterte på internasjonale konferansar, og han er i samarbeid med doktor Tetyana Zayats ved Broad Institute, Massachusetts General Hospital og Harvard Medical School blitt invitert til å forske saman med henne i Boston i USA.

For legestudenten handlar det om å gjere forskning til eit nyttig verktøy gjennom å innhente så mykje tidleg info som mogleg om ADHD. På den måten kan klinikarar også få eit betre utgangspunkt for å stille diagnose.

André Høberg har danske foreldre, men har stort sett i heile si levetid budd i Sogn og Fjordane. Anten i Hyllestad eller Balestrand, før han begynte å studere ved Universitetet i Bergen. Han er heller ikkje framand for å busetje seg i Sogn og Fjordane etter legestudiet.

MÅLET ER Å JOBBE SOM UTØVANDE MUSIKAR

Utdelinga av det siste Furorestipendet for 2024 kunne knapt ha fått ei flottare ramme. Arenaen var ein fullsett Bremangerhall med over 400 tilskodarar, og Borgar Bjarkason trudde han berre skulle spele eit nummer med sine gamle lærereistrar.



Borgar Bjarkason får Furorestipend for 2024 av Linda Stenseth og Yngve Thorsen.

Gruppa «Spik Adel» er kjent for svært mange i Sogn og Fjordane då dei har farta rundt i «gamlefylket» minst ein mannsalder. Ein laurdagskveld i februar skulle dei markere at dei hadde spelt saman i 40 år, og er så populære at dei sikkert kunne ha fylt Bremangehallen minst to gonger. Dei har vore lærereistrar, inspiratorar og idol for mange av dei unge musikarane i Bremanger, og grupper som til dømes «Oddny», «Brosmekameratane» og «Silo» er av dei som på eit eller anna vis har tangert musikarane i «Spik Adel».

Overraska

Det same har Borgar Kløvtveit Bjarkason også fått oppleve. Så når breangermusikken skulle visast fram, var det heilt naturleg at 24-åringen også skulle ta del. Men det han ikkje visste, var at musikarane i Spik Adel hadde saman med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane invitert han frå Kristiansand til Bremanger eins ærend for at han skulle få utdelt Furorestipendet.

Så då han hadde fullført pjoanostykket sitt til øyredøvande jubel frå salen, troppa gåvesjefen i stiftinga, Yngve Thorsen opp, saman med kunderådgjevar Linda Stenseth frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Med seg hadde dei ein gåvesjekk på 50 000 kroner og blomster til det unge musikktalentet.

Jazzmusikar

Borgar Kløvtveit Borgarson er 24 år, og er pianist og jazzmusikar. Han starta musikkarrieren si på kulturskulen i Bremanger, og har spelt piano sidan han var liten gut. På musikklinja på Firda vgs på Sandane utvikla han seg meir og meir i retning av jazz.

Derfor var det naturleg for han at han starta på studiet «utøvande jazzstudier» då han begynte på Universitet i Stavanger. Og der vart han så inspirert at han fullførte bachelor i utøvande musikk på rytmisk linje ved Universitet i Kristiansand. Etter det har han vidare teke eit årsstudium i «Live Electronics», og held no på med å ta masterutdanning ved den private høgskulen «NLS Staffeldtsgate». Og han legg ikkje skjul på at han ser for seg ei framtid som utøvande musikar.

Konsertar

I tillegg til musikkstudiar har han med bandet sitt «Bjark», spelt på både Kongsberg Jazzfestival, Dråpefestivalen, Dølajazz og på «Nasjonal Jazzscene» i Oslo. Han har dessutan hatt fleire opptredenar i Sogn og Fjordane.

I Borgar Kløvtveit Bjarkason frå Bremanger er Furorekomiteen sikker på at vi har ein framtidig toppmusikar. Han har eit openbert talent som både musikar og komponist, og det blir spennande å følgje hans utvikling vidare.

ÅSMUND FEKK LIVETS BESTE JULEPRESANG!

Ei treningsøkt med gjengen, etterfølgt av juleavslutning. Det stod på programmet for 17-åringen Åsmund denne fredagskvelden rett før jul. Så dukka Ole Martin Eide frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane opp!



Åsmund Sunde Førde saman med mentor og trenar Eivind Øygard.

Friddrettstalentet Åsmund Sunde Førde frå Jølster har fått eit svært fortent Furore-stipend. 17-åringen har trass sin unge alder allereie markert seg blant dei beste mellom-distanseløparane i Sogn og Fjordane gjennom alle tider.

Nær rekordane

Sjølvs med fleire år igjen som juniorløpar har han den siste friddrettssesongen allereie lukta på fleire seniorrekordar i Sogn og Fjordane. Mellom anna står krinsrekorden til hans mentor og klubbkamerat, Eivind Øygard, snart for fall. Øygard har ei bestetid på 1500 meter på 3.44.31, og den talentfulle 17-åringen har berre to sekund svakare tid. Dessutan er han heller ikkje langt bak dei beste seniorane i Sogn og Fjordane på både 3000 og 5000 meter, og held han fram utviklinga skal det heller ikkje vere umogleg å tukte dei rekordane.

På landslaget

Med sin imponerende merittliste har den treningsmotiverte Åsmund Sunde Førde allereie representert Norge i fleire meisterskap. Han er ein del av Norge sitt U20-landslag i friddrett, og i løpet av den siste sesongen kan han sjå tilbake på 4. plass og lag-gull i U20-klassa i nordisk meisterskap i terrengløp. Dessutan var han også med på det norske U20-landslaget som vann gull i EM i terrengløp i desember.

Hårete mål

Åsmund går for tida på skule i Tønsberg, men held fram med å representere Jølster idrettslag. Han har eit mål om å leve av friddretten, og har såpass hårete mål at han skal inn på det norske seniorlandslaget og delta på internasjonale meisterskap som senior.

Kanskje vi i Sogn og Fjordane kan sjå ein lokal mellomdistanse-løpar i framtida kunne kjempe mot den langt meir meritterte Jacob Asserson Ingebrigtsen. I allfall ingen tvil om at Åsmund Sunde Førde har fått eit fortent Furorestipend på 50 000 kroner i 2024.

Utanforskap – inkluderingsfondet

«Utenforskap kan ramme alle – små barn og unge, arbeidsledige, innvandre og flyktninger, syke og uføre, eldre eller enslige – folk i alle aldre og helt ulike livssituasjoner.» (Helgesen, 2016). I 2024 har Sparebankstiftinga vidareført sin innsats i høve utanforskap m.a. gjennom Inkluderingsfondet. Inkluderingsfondet er ei ordning som idrettslag og andre ideelle organisasjonar kan bruke til å hjelpe medlemar som har behov for å bli inkludert, eller er frå familiar med vanskelegstilt økonomi. Familieøkonomien bør ikkje vere ein barriere for at born og unge kan delta i fritidsaktivitetar på linje med andre. Gjennom Inkluderingsfondet kan organisasjonar søke om å få midlar til å dekke til dømes medlemsavgift, treningsavgift, deltakaravgift og nødvendig personleg utstyr. Ordninga vart lansert saman med Vestland idrettskrets, m.a. fordi idretten har høg deltaking og er ein fritidsaktivitet som krev ulike eigenandelar, men også fordi idretten har erfaringar med å handtere problemstillinga. Ved utgangen av 2024 det i sum delt ut om lag 900 000 kroner til ulike organisasjonar frå Inkluderingsfondet.

Rammegåver

Sparebankstiftinga ser at det styrker kompetanseutvikling og struktur når organisasjonane får høve til å forvalte midlar til eiga verksemd sjølv. Organisasjonane har også inngåande kunnskap om aktiviteten i sine egne lokallag, og kan lettare prioritere mellom dei. I tillegg opplever lokallaga søknadsprosessen som enklare når ein vender seg til regionalleddet i eigen organisasjon. Derfor har stiftinga i 2024 vidareført ordninga med at dei største og mest aktive organisasjonane i Sogn og Fjordane, får ei rammegåve frå stiftinga som dei fordeler mellom lokallaga og til eventuelle overordna satsingar. Sparebankstiftinga har utarbeida egne retningslinjer for rammegåver, og gåvemottakarar skal årleg rapportere korleis rammegåva er fordelt vidare på tiltak og lokallag.

I 2024 har følgande organisasjonar fått rammegåve:

- 4H Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane Røde Kors
- DNT Sogn og Fjordane
- Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane
- Sogn og Fjordane Ungdomslag – «Huset i Bygda» (fordeler midlar til lagseigde kulturhus)

Gåvekronene

Avkastninga frå stiftinga sine oppsparte midlar og årlege utbyte frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane gir stiftinga høve til å bidra vesentleg til ei positiv utvikling i Sogn og Fjordane. Samstundes erkjenner Sparebankstiftinga at det i eit samfunnsperspektiv er avgrensa med midlar ein rår over. Då er det særskilt viktig at Sparebankstiftinga forvaltar midlane slik at dei utgjer ein reell skilnad. Stiftinga har derfor prioritert å støtte følgjande områder:

- Gode oppvekstsvilkår for barn og unge
- Bulyst og lokale trivselstiltak
- Folkehelse og humanitære tiltak
- Miljø og berekraft
- Utdanning og forskning
- Overordna næringsutvikling

Sparebankstiftinga ønsker òg å bidra til at meir midlar vert fordelt til vår del av landet. Derfor er stiftinga oppteken av å gå inn i gode «spleiselag» saman med både andre gode krefter og offentlege støtteordningar, slik at Sogn og Fjordane får mest mogleg ut av gåvemidlane Sparebankstiftinga har til rådvelde. Dette har vi lukkast godt med, og våre forsiktige anslag syner at stiftinga sine gåveutdelingar ordinært utløyser om lag 300 millionar kroner i andre gåver/tilskot pr. år. Midlar stiftinga typisk er med å utløyser er spelemidlar, forskningsrådet, kulturdepartementet, kommunale og fylkeskommunale tilskot.



Fig. 5: «Spleiselaget»: Slik kan ein typisk finansieringsmodell sjå ut for eit prosjekt/ tiltak stiftinga bidreg til. Bidragsytarar og storleiken på dei ulike bidraga vil naturleg nok variere.

Korleis gåvene vert tildelt

Størstedelen av stiftinga sine midlar vert delte ut etter søknad. Alle søknadar vert registrert elektronisk på www.sparebankstiftinga.no, for å sikre ei profesjonell og kostnadseffektiv handsaming. Stiftinga har to søknadsfristar i året: 1. mars og 1. september. Handsamingstida er 8 veker. I tillegg er det mogeleg å søkje om «litt midlar raskt» gjennom «forenkla ordning». Her kan ein søke om inntil 30.000 kroner, når som helst, og få svar i løpet av ein måned. Søknadssum i denne ordninga er auka til 50.000 kroner frå 2025.

Alle søknadar til stiftinga vert handsama fortruleg. Avslag vert ikkje annonsert, men alle tildelingar vert publisert i våre gåveoversikter. Sjå detaljert gåveliste i vedlegg til årsrapport og på www.sparebankstiftinga.no. For å sikre ei kompetent og upartisk handsaming spør stiftinga gåvenemnder utnemnt av banken om råd, medan avgjerd i alle saker vert fatta av styret i Sparebankstiftinga. Styret vert valt av Generalforsamlinga, som igjen vert valt av og blant kundane i SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

Prioritering og forvaltning av gåvemidler

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har høve til å dele ut vesentlege gåvemidler, men det er avgjerande at desse blir forvalta slik at dei skapar ein reell skilnad for samfunnet i Sogn og Fjordane.

For å sikre at midlane gir størst mogleg effekt, legg stiftinga særleg vekt på tiltak som fremjar barn og unge, bulyst og trivsel, utdanning og forskning, overordna næringsutvikling, samt klima, miljø og berekraft.

Samtidig er det nokre område der stiftinga ser at bidraga vil ha avgrensa innverknad, og som derfor ikkje blir prioritert i like stor grad. Forprosjekt, infrastruktur og tiltak som naturleg fell inn under offentleg ansvar, fell inn under denne kategorien.

Det same gjeld store investeringar i samferdsle og vegbygging, der kostnadsnivået er så høgt at stiftinga sine midlar ikkje vil utgjere ein avgjerande forskjell.

Kulturminne og bevaring har tradisjonelt ikkje vore eit prioritert område, men med auka gåverammer har stiftinga sett ei utvikling der denne typen prosjekt får stadig meir støtte, føresett at prosjekta held riktig kvalitet.

I vurderinga av slike søknader legg stiftinga særleg vekt på prinsippet om «vern gjennom aktiv bruk», der kulturminne ikkje berre blir tekne vare på, men òg blir gjort tilgjengelege og relevante for dagens samfunn.

Prosjekt som legg til rette for at kulturhistoriske bygningar og anlegg blir ein del av levande møteplassar eller formidling, vil ha større sjanse for å få støtte.

Andre føremål som ikkje er prioriterte inkluderer støtte til politiske parti og formål, næringsføretak med eigeninntening som hovudmål, driftsstøtte til lukka lag, religionsutøving og prosjekt som er påbegynt eller fullført før søknaden er sendt.

Gjennom samarbeid med andre aktørar og offentlege støtteordningar ønskjer Sparebankstiftinga å forsterke effekten av gåvemidlane. Spleiselag med til dømes spelemidler, forskingsmidlar, tilskot frå Kulturdepartementet, kommunar og fylkeskommunar har vist seg å vere ein god strategi. Stiftinga sine gåveutdelingar utløyser årleg om lag 300 millionar kroner i andre tilskot, noko som sikrar at Sogn og Fjordane får maksimalt utbytte av dei midlane som er til rådvelde.

Føremålsinvesteringar

Astrup kom heim

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har for første gang gjort ei føremålsinvestering ved å kjøpe to originale Astrup-måleri. Dronning Sonja såg dei to måleria for første gong då ho vitja Astrup-tunet sist sommar.



Dronning Sonja studerer dei nyinnkjøpte Astrup bilde i saman med Tor Martin Leknes, Anders Bjørnsen og Ivar Kvalen.

Dei to Astrup-bilda «Trollebotten» og «St.Hansbål ved Jølstervannet» kom heim til Astruptunet fredag 17. juni 2024. Det var direktør Hallvard Klakegg som fekk tilslaget på auksjonen hos Grev Wedel Auksjoner, og bilda kosta totalt 2 millionar kroner.

Aldri utstilte

«Trollebotten» vart kjøpt for 812 500 kroner, medan «St. Hansbål ved Jølstervannet» gjekk under hammaren for 1 187 500 kroner.

Dei to bilda har aldri vore utstilte tidlegare, og har vore i privat eige. Det var derfor ein stor dag då Dronning Sonja og hennar følgje, samt svært mange tilskodarar fekk sjå dei autentiske Astrup-måleria for første gang fem dagar etter at dei hadde kome «heim».

Det har vore noko av drivkrafta for Sparebankstiftinga at ålmenta skal få høve til å sjå bilda til Jølster-kunstnaren. Stiftinga har tidlegare også vore involvert i fleire andre Astrup-prosjekt gjennom åra, mellom anna Astrup-filmen og Astrup-utstilling i Astruptunet i 2023.

Investering

Stiftinga ser på ei slik investering som er i tråd med føremålet sitt. Stiftinga både håpar og trur at merksemda rundt Astrup vil auke på i åra som kjem. Mellom anna er eit nytt visningssenter like ved Astruptunet på trappene. For stiftinga er det også viktig at det er lokalt eigarskap til Nikolai Astrup sin kunst. For hans kunst høyrer jo heime på Astruptunet.

Dronning Sonja gav også uttrykk for stor glede over å sjå desse to nye Astrup-bilda utstilt i Astrup-tunet då ho vitja Jølster laurdag 22. juni 2024.

Miljø og berekraft

Stiftinga har vedtatt ein berekraftstrategi og har i dette arbeidet tatt utgangspunkt i FN sine berekraftsmål.

Måla der Sparebankstiftinga kan ha størst påverknad har prioritet.

Stiftinga har i strategiperioden valt å konsentrere seg om følgande berekraftsmål:



Berekraftsmåla er viktige når gâvesøknadar blir vurdert og når stiftinga sjølv tek initiativ til gâveprosjekt. Stiftinga har i gâvesøknadsskjema lagt til rette for at lag og organisasjonar kan lage ein eigen berekraftsstrategi. I systemet ligg det ein mal som frivillig sektor kan nytte seg av. Stiftinga ønsker fleire initiativ og søknadar innan miljø og berekraft, og har konstruktiv dialog med fleire lag og organisasjonar. Fleire tiltak er under planlegging og målet er å få sett i verk nye prosjekt innan miljø og berekraft i 2025.

Stiftinga vurderer at ein har størst påverknad innan miljø og berekraft gjennom arbeidet med gâvetildelingar og samfunnsengasjement i Sogn og Fjordane. Innan kapitalforvaltninga har stiftinga tydelege retningslinjer for ansvarlege investeringar. Stiftinga legg til grunn at god avkastning over tid er avhengig av ei berekraftig utvikling i økonomisk, miljømessig og samfunnsmessig forstand. Sentralt i ansvarlege investeringar er miljø, sosiale forhold og god eigarstyring (ESG). Stiftinga sine investeringar skal minimum oppfylle retningslinjene som til ein kvar tid gjeld for Statens Pensjonsfond Norge (Folketrygdfondet) og Statens Pensjonsfond Utland når det gjeld ansvarlege investeringar, herunder eksklusjon av selskap. Desse retningslinjene ligg til grunn når Stiftinga skal velje forvaltar og fond. Som stor eigar i banken har stiftinga også eit engasjement og ansvar for at banken arbeider målretta med miljø og berekraft. Stiftinga har jamleg dialog med banken om dette og stiftinga er tilfreds med banken si utvikling og initiativ som banken tek. Utfyllande informasjon om banken sitt arbeid innan miljø og berekraft ligg på SpareBank 1 Sogn og Fjordane sine nettsider.



Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart i 2020 godkjent som Miljøfyrtårn og gjennomførte resertifisering i desember 2023. Stiftinga har òg vedteke ein berekraftsstrategi som fordrar at stiftinga opprettheld og aukar si sterke satsing på miljø og berekraft i åra framover.

Styret si oppsummering av 2024

Innleiing

Sparebankstiftinga har sidan etableringa i 2010 hatt god vekst, både i løyvde gåvemidlar og kapital som er til forvaltning. Finansporteføljen i stiftinga har dei seinare åra auka kraftig. Gåvetildelingane er også blitt vesentleg større dei siste åra og i 2024 vart det tildelt med 98,5 millionar kroner. Stiftinga sine hovudformål er å vidareføre sparebank-tradisjonane i Sogn og Fjordane gjennom å vere ein stor og langsiktig eigar i SpareBank 1 Sogn og Fjordane og gi gåver til allmennyttige formål. Stiftinga skal ved utdeling av gåver først og fremst ta omsyn til dei distrikta som har bygt opp kapitalen i sparebanken. For å understøtte desse formåla skal stiftinga utøve forsvarleg kapitalforvaltning.

«Drivkraft for Sogn og Fjordane» er stiftinga sin visjon. Gåvemidlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal bidra til mangfald, trivsel og utvikling i heile Sogn og Fjordane. Stiftinga ønsker å støtte den frivillige og ofte dugnadsbaserte innsatsen i lokalsamfunna og prioriterer prosjekt retta mot barn og unge, samt tiltak som bidrar til mangfald, trivsel og utvikling i lokalsamfunna. I tillegg støttar stiftinga tiltak innan overordna næringsutvikling, forskning, utdanning, helse og humanitære formål. Miljø og berekraft er også eit prioritert område og stiftinga ser eit stort potensiale for å bidra meir innan miljø og berekraft.

Sidan starten i 2010 har stiftinga tildelt om lag 400 millionar kroner i gåver til allmennyttige formål i Sogn og Fjordane.

Hovudtrekk for 2024

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har eit resultat på kr 626 834 106.

- Stor auke i utbytte frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane. I tillegg til ordinært utbytte betalte banken ut tilleggsutbytte i november 2024. Totalt vart det betalt 35 kroner i utbytte per eigekapitalbevis i 2024. Banken held fram med å levere stabile resultat og har god kapitaldekning. Stiftinga har arbeidd aktivt med å følge opp eigarrolla i banken, mellom anna med fleire dialogmøte med leiinga i banken. Styret i stiftinga har vedtatt eigarstrategi. Denne strategien viser kva forventningar stiftinga har til banken og korleis stiftinga vil opptre som stor og langsiktig eigar. Stiftinga har to medlemar i banken sitt styre i 2024.
- Gåvetildelingane har auka med over 40 millionar kroner samanlikna frå året før, til totalt over 98 millionar kroner. Dette er ei historisk høg årleg tildeling frå stiftinga. Stiftinga opplever at aktiviteten i frivillig sektor er god og hadde stor

auke i tal gåvesøknadar i 2024. Stiftinga blir ein stadig viktigare samarbeidspart for frivillig sektor og tiltak med allmennyttig karakter i Sogn og Fjordane.

- Stiftinga gjorde si første formålsinvestering i 2024. To Astrup-måleri vart kjøpt på Grev Wedel aksjon i juni. Måleria «Trollebotnen» og «Sankthans ved vatnet» vart henta heim til reopninga av Astruptunet 23 juni. Måleria er lånt ut til Musea i Sogn og Fjordane og er utstilt i Astruptunet.
- I finansmarknaden vart det eit godt år. Både i aksjemarknaden og i rentemarknaden var det positiv utvikling i 2024. Stiftinga har valt å dele finansporteføljen i to porteføljar. Beredskapsporteføljen har som hovudformål å delta i framtidige kapitalutvidingar i banken og sikre drift og gåvetildelingar i stiftinga i tre år. Porteføljen har ein relativ låg risikoprofil. Den andre porteføljen, kalla den frie porteføljen, er forvalta med eit meir langsiktig perspektiv. Målet er at dette er kapital som skal komme framtidige generasjonar til gode og at den kan nyttast for å gjere større tildelingar eller investeringar innan allmennyttige formål når det vert vurdert som formålstenleg. Første plassering i denne porteføljen vart gjort i andre kvartal i 2024.

Gåvetildelingar

Gåvetildelingar er det hovudformålet som det er knytt størst aktivitet til i stiftinga. Styret er godt nøgd med arbeidet som er gjort innan samfunns-engasjement og gåvetildeling. Mange viktige tiltak og prosjekt i Sogn og Fjordane er tildelt midlar i 2024. Den største enkelttildelinga var til DNT Sogn og Fjordane som fekk 20 millionar kroner til det fireårige prosjektet «Eg gjekk ein tur på stien». Målet er å ruste opp turstiar og syte for god merking og nødvendig sikring av turstiar rundt om i Sogn og Fjordane.

Strategien med å utvikle gåveinstituttet kontinuerleg og auke rammene for gåvetildeling gradvis har gitt stiftinga høve til å utvikle god kunnskap og gode rutinar for gåvetildelingane. Stiftinga er i sitt arbeid oppteken av å få god samfunnsnytte og høg frivillig innsats av gåvene som blir tildelt. Det er også innarbeidd rutine i søknadsskjemaet der søkjar må vurdere kva effekt tiltaket har for miljø og berekraft. Stiftinga ønskjer med dette å vere ein pådrivar for å styrkje bevisstgjerings- og kunnskapen innan berekraft i frivillig sektor.

Det blir tildelt g ver til samfunnsnyttige tiltak til dømes innan; barne- og ungdomsaktivitetar, fysisk aktivitet, kultur, overordna næringsutvikling og forskning/utdanning. I 2024 vart det tildelt g ver for over 98 millionar kroner, noko som er ei rekordh g tildeling fr  stiftinga.

Langsiktig og stabilt eigarskap

Stiftinga vart oppretta i 2010 i samband med fusjonen mellom SpareBank 1 Sogn og Fjordane og Fjaler Sparebank. Som eit resultat av fusjonen vart ogs  Sparebankstiftinga Fjaler etablert. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane eig 92,5 % av eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Eit viktig hovudform l for stiftinga er   vere ein langsiktig og stabil eigar i banken. M let med eigarskapen er   oppn  ei konkurranse-dyktig avkastning og bidra til banken si vidare utvikling. Stiftinga har vedtektsfesta at ein skal eige meir enn 67 % av eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 Sogn og Fjordane.

Det har ikkje skjedd vesentlege endringar i eigar-forholda i banken gjennom  ret. Stiftinga gjennom-f rte sal av eigenkapitalbevis til SpareBank 1 Sogn og Fjordane, for vidareasal til tilsette.

Styret er godt kjent med at ein sv rt h g eigardel, kombinert med at banken ikkje er b rsnotert, medf rer at stiftinga har h g konsentrasjonsrisiko. Stiftinga har f tt vesentleg auka likviditet i 2024, noko som gir stiftinga god beredskapsevne til delta i framtidig kapitalutviding i banken.

Styret i stiftinga har vedtatt eigarstrategi som skildrar korleis stiftinga vil opptre som eigar og kva forventingar stiftinga har til banken.

Styret er godt forn gd med resultatutviklinga i banken dei siste  ra og SpareBank 1 Sogn og Fjordane leverer resultat som er p  h gde med samanliknbare bankar. Banken har hatt god vekst og resultatutvikling over fleire  r. Banken har god kapitaldekning, noko som gjer at stiftinga forventar at banken har god og stabil utbyttekapasitet framover.

Forsvarleg kapitalforvaltning

B de lovverk og vedtekter krev at stiftinga forvaltar kapitalen p  ein forsvarleg og form lstenleg m te. Styret i stiftinga har vedteke og implementert plan for kapitalforvaltning. Planen blir revidert kvart  r. Styret har h g merksemd p    opparbeide beredskapskapital, slik at stiftinga har evne til   stille opp den dagen banken har behov for meir eigenkapital.

Stiftinga har ein beredskapsportef lje p  n rmare 780 millionar kroner ved utgangen av 2024. Beredskapsportef ljen skal gje stiftinga grunnlag

til   delta i framtidige kapitalutvidingar i banken og sikre 3  rs drift og g vetildelingar i stiftinga. Portef ljen har ein relativ l g risikoprofil og er fordelt p  20 % aksjar, 40 % obligasjonar og 40 % pengemarknad/bankinnskot. Portef ljen hadde i 2024 ei avkastning p  8,14 %.

Stiftinga har i 2024 i tillegg etablert ei portef lje med frie midlar, som er forvalta med eit meir langsiktig perspektiv. M let er at dette er kapital som skal komme framtidige generasjonar til gode og at den kan nyttast for   gjere st rre tildelingar eller investeringar innan allmennyttige tiltak n r det vert vurdert som form lstenleg. Portef ljen har ein moderat til h g risikoprofil der 40 % er investert i obligasjonar og 60 i % aksjar ved utgangen av  ret. F rste plassering i denne portef ljen vart gjort i andre kvartal i 2024. Ved utgangen av 2024 var det plassert 560 millionar kroner i denne portef ljen. Portef ljen hadde ei avkastning p  5,14 % i 2024. Aksjeplasseringane i portef ljen vart gjort med sekvensiell inngang i perioden mai til oktober i 2024.

Stiftinga har i all hovudsak ei indekxn r og passiv forvaltning av kapitalen. Portef ljen er fordelt p  norske og globale fond b de n r det gjeld aksjar og obligasjonar. Obligasjonsfonda er klassifisert som Investment Grade og globale obligasjonsfond er valutasikra.

2024 vart eit godt  r i finansmarknaden med positiv utvikling i b de aksje- og rentemarknaden. Med omsyn til risikoprofil, portef ljesamansetning og gjeldande marknadstilh ve, er styret godt forn gd med forvaltninga og avkastninga i 2024.

Vidareutvikling av rammeverk, retningslinjer og rutinar

Styret reviderer jamleg styringsdokumentet. Retningslinjer for internkontroll gjev rammer for stiftinga sin samla risiko og korleis risikoar stiftinga er eksponert for skal styrast og kontrollerast. Dagleg leiar gjennomf rer  rleg ein risiko-analyse, risikovurdering og tilr r eventuelle tiltak. Internkontrollen blir lagt fram for styret, og status skal rapporterast regelmessig til styret.

S knadsportalen er vidareutvikla, for   sikre at det skal vere enkelt   vere s kjar, og for at s knadane har god kvalitet og tilstrekkeleg informasjon. Portalen blir avstemt mot rekneskapssystemet og har automatiserte varslingsrutinar, som skal sikre ein effektiv og informativ g veprosess. Stiftinga har gjennomf rt ei ekstern vurdering av sentrale rutinar av PwC. Styret si vurdering, etter gjennomgangen, er at stiftinga har gode rutinar, men at det er rom for mindre forbedringar som stiftinga vil implementere.

Finansiell risiko

Stiftinga har finansiell risiko både når det gjeld eigarrolla i SpareBank 1 Sogn og Fjordane og kapital som er til forvaltning.

Stiftinga sin største risiko er knytt til eigarskapen i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. Stiftinga har høg konsentrasjonsrisiko som følge av at stiftinga eig 92,5 % av egenkapitalbevisa i banken. I eigarskapsrolla er det også ein likviditetsrisiko, sidan banken ikkje er børsnotert. Eigarskapen er eit av dei viktigaste formåla til stiftinga, og det er vedtektsfesta at stiftinga skal eige minimum 67 % av egenkapitalbevisa i banken.

Plan for kapitalforvaltninga er stiftinga sine overordna retningslinjer for forvaltninga av stiftingane sine midlar, ut over egenkapitalbevisa i SpareBank 1 Sogn og Fjordane. I denne planen er det definert strategiske mål, avkastningsmål og risiko. I tillegg definerer strategien aktive klassar, allokeringsrammer og rapportering og oppfølging. Stiftinga opererer i hovudsak med ei indekxnær og passiv finansforvaltning.

Styret skal sjå etter at stiftinga sin kapital blir forvalta i tråd med formål og vedtekter. Styret handsamar og reviderer plan for kapitalforvaltning årleg.

Styrande organ

Generalforsamlinga er stiftinga sitt øvste organ og har 12 medlemmar og 4 varamedlemmar. Generalforsamlinga i 2024 består av 6 kvinner og 6 menn. Leiar av generalforsamlinga er Åge Avedal. Medlemmane blir valde blant innskotskundane i SpareBank 1 Sogn og Fjordane, og blir valde for 4 år.

Styret i stiftinga består av 5 personar, 3 kvinner og 2 menn. Styret har hatt 12 styremøte i 2024. Leiar i styret er Vegard Strand. Stiftinga har teikna ansvarsforsikring for styret og dagleg leiar.

Styrande organ er nærare gjort greie for i eigen artikkel årsrapporten og på www.sparebankstiftinga.no

Administrasjon og HMS

Sparebankstiftinga har kontor i Førde. Administrasjon består av direktør Hallvard Klakegg og leiar for gaver og samfunn Yngve Thorsen. Stiftinga har også leigd inn administrative ressursar innan kommunikasjon og kapitalforvaltning gjennom året. Stiftinga har leveransar frå SpareBank 1 Sogn og Fjordane innan tenester som rekneskap, personale og juridisk. Tenestene er på forretningsmessige vilkår.

Styret vurderer arbeidsmiljøet i organisasjonen som godt, og har ikkje iverksett spesielle arbeidsmiljøtiltak. Det er ikkje registrert skader eller ulukker i verksemda.

Ytre miljø og berekraft

